

**Til faste medlemmer av kontrollutvalet i Alver kommune, ordfører og revisor (KPMG)**

Kopi: Varamedlem, rådmann, økonomisjef, postmottak

Innkalling til møte i kontrollutvalet i Alver kommune**Møtedato:** 21.02.2023, kl. 09:00 – ca. 13:30**Møtestad:** Formannskapssalen, Kommunehuset Frekhaug**Sakliste:**

Saksnr.	Tittel	Vedlegg	Tentativ tidsplan
01/23	Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet		09:00
02/23	Godkjenning av protokoll frå møtet 12.12.2022	1	
03/23	Meldingssaker a. Forvaltningsrevisjon «økonomistyring i Alver kommune» handsama i kommunestyret b. Henvending: Vurdering av Alver kommune si klagehandsaming i byggjesaker c. Notat om status på forvaltningsrevisjoner per 6. februar 2023 d. Budsjettvedtak kontrollutvalsarbeidet 2023 e. Årsmelding kontrollutvalssekretariatet 2022 f. Invitasjon til fagkonferanse for kontrollutval g. Kopi til kontrollutvalet v leiar_ Habilitetsspørsmål, sak 21_4413-22_91810	2 3, 4 5 6 7	
04/23	Orientering: Revisjonsrapport interim 2022	8	09:20
05/23	Orientering om finansielle måltal og kommunal økonomisk berekraft – inkl. kort status om avslutning av årsrekneskapen		09:40
06/23	Orientering om Arbeidsmiljøundersøkinga		10:00
07/23	Revisjonstenester frå 2024 – konkurransegrunnlag (unnateke offentlegheit etter § 13 ledd 2)	Ettersendast	11:45
08/23	Årsmelding Alver kontrollutval 2022	9	12:00
09/23	Møteprotokollar frå politiske utval		12:30
10/23	Eventuelt		

Ved forfall eller spørsmål til deltaking i møtet ta kontakt med kontrollutvalssekretariatet på e-post: trude.bruket@regionnordhordland.no eller tlf.: 97 01 98 93.

Meir informasjon om politisk møteplan og protokollar finn du på kommunen sin heimeside og i innsynsløysinga: https://innsyn.sing.no/alver/innsyn_mote/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&

Med venleg helsing

Jimmy Pasali
Leiar i kontrollutvalet

Trude Bruket
Kontrollutvalssekretær



ALVER KONTROLLUTVAL

SAKSFRAMLEGG TIL MØTET 21.02.2023

INNHALDSLISTE

01/23 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet	2
02/23 Godkjenning av protokoll frå førre møte	2
03/23 Meldingar	3
04/23 Orientering: revisjonsrapport interim 2022	5
05/23 Orientering om finansielle måltal og kommunal økonomisk berekraft – inkl. kort status om avslutning av årsrekneskapen	5
06/23 Orientering om Arbeidsmiljøundersøkinga	6
07/23 Revisjonstenester frå 2024 – konkurransegrunnlag	7
08/23 Årsmelding for Alver kontrollutval 2022	8
09/23 Møteprotokollar frå politiske utval	9
10/23 Eventuelt	9



01/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

SAKSOPPLYSINGAR

Innkalling og sakliste til møtet vert lagt fram til godkjenning.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 21.02.2023 er godkjent.

02/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Saksvedlegg: Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 12.12.2022

SAKSOPPLYSNINGAR

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 12.12.2022 er godkjent slik den ligg føre.

**03/23 MELDINGAR**

- a. Forvaltningsrevisjon «økonomistyring i Alver kommune» handsama i kommunestyret
- b. Henvending: Vurdering av Alver kommune si klagehandsaming i byggjesaker – med sekretariatet sitt svar
- c. Notat om status på forvaltningsrevisjoner per 6. februar 2023
- d. Budsjettvedtak kontrollutvalsarbeidet 2023
- e. Årsmelding kontrollutvalssekretariatet 2022
- f. Invitasjon til fagkonferanse for kontrollutval 31.5.-1.6.2023
- g. Kopi til kontrollutvalet v leiar_ Habilitetsspørsmål, sak 21_4413-22_91810

Saksvedlegg:

- a. *Møteutskrift kommunestyrehandsaming forvaltningsrevisjon «økonomistyring i Alver kommune»*
- b. *Henvending: Vurdering av Alver kommune si klagehandsaming i byggjesak_saker Sekretariatet sitt svar på hendinga*
- c. *Statusnotat pågåande forvaltningsrevisjonar beredskap og barnevern per feb 2023*
- d. –
- e. *Årsmelding kontrollutvalssekretariatet 2022*
- f. *Digitalt vedlegg: Fagkonferansen 2023, 31. mai-1. juni - Forum for kontroll og tilsyn (fkt.no)*
- g. *Kopi til kontrollutvalet v leiar_ Habilitetsspørsmål, sak 21_4413-22_91810*

SAKSOPPLYSNINGAR**b. Henvending: Vurdering av Alver kommune si klagehandsaming i byggjesaker**

Etter avtale med kontrollutvalsleiar vert hendinga, og svar frå sekretariatet, lagt fram for kontrollutvalet som melding. Hendinga gjeld ei enkeltsak, som normalt ikkje vert handsama av kontrollutvalet, men innsendar skriv at dei ber om «*at vår sak vert teke opp i Kontrollutvalet med det for auga å setja lys på kommunen sin forvaltingskompetanse, forvaltingspraksis og forvaltningsskikk innanfor plan- og byggesakshandsaming, og særleg sakshandsamar/kommunalsjefen sitt ansvar for god og heilskapleg opplysning av saker før vedtak (Forvaltingslova sine kvalitetskrav om "tilstrekkeleg opplysning av saka" som grunnlaget for gyldig vedtak), for klagerettleiing til berørte partar og ansvar for framdrift i klagehandsaminga.*»

Det vert ikkje lagt opp til handsaming av saka i møtet, men ei kort drøfting om kontrollutvalet ynskjer å setje saka på sakskartet i eit kommande møte. Alternativt om ein tek innspelet til orientering, og tek det med seg i samband med arbeid med risiko- og vesentlegvurdering/plan for forvaltningsrevisjon som skal starta etter nytt kommunestyre er konstituert, hausten 2023. Vedlegga som er referert til av innsendar ligg ikkje ved i denne omgang.

Kontrollutvalet fekk elles orientering om generelle søknad- og sakshandsamingsrutinar i byggesaker i Alver kommune i møte 15.06.2020.

**d. Budsjettvedtak kontrollutvalsarbeidet 2023**

Det vert i Alver kommune sitt budsjett for 2023 gjeve ei ramme på 1 924 000 kr til kontrollutvalet. Oversendte budsjettal frå administrasjonen sett opp mot kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett for 2023 vert slik:

Kostnader Alver kontrollutval	Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg 2023	Vedteke budsjett kontroll og revisjon 2023
Rekneskapsrevisjon/Forvaltningsrevisjon/Eigarskapskontroll	<i>kr 1 200 000</i>	kr 1 200 000
Sekretariat	<i>kr 244 000</i>	kr 244 000
Godtgjersle leiar, medlemmer, vara	<i>kr 290 000</i>	kr 290 000
Diverse møteutgifter	<i>kr 24 000</i>	kr 24 000
Kontigenter (FKT/faglit.)	<i>kr 16 000</i>	kr 16 000
Opplæring kontrollutvalet	<i>kr 150 000</i>	kr 150 000
Uføresett kontrollarbeid	<i>kr 200 000</i>	kr 0
Totalt	<i>kr 2 124 000</i>	kr 1 924 000

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**Alternativ 1:**

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.

Henveninga, melding b «Vurdering av Alver kommune si klagehandsaming i byggjesaker,» vert teke med i arbeidet med risiko- og vesentlegvurdering/plan for forvaltningsrevisjon for neste valperiode.

Alternativ 2:

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.

Henvendinga om vurdering av Alver kommune si klagehandsaming i byggjesaker, melding b, vert sett opp som eiga sak i eit seinare møte.

**04/23 ORIENTERING: REVISJONSRAPPORT INTERIM 2022***Saksvedlegg: Interimsrevisjon 2022 Alver kommune***SAKSOPPLYSINGAR**

KPMG har sendt over statusrapport etter interimsrevisjonen 2022.

Interimsrevisjon er ein del av rekneskapsrevisjonen og vert gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Revisor vil i møtet gje ei kort orientering om interimsrevisjonen.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek revisor si orientering om interimsrevisjonen til informasjon.

05/23 ORIENTERING OM FINANSIELLE MÅLTAL OG KOMMUNAL ØKONOMISK BEREKRAFT – INKL. KORT STATUS OM AVSLUTNING AV ÅRSREKNESKAPEN**SAKSOPPLYSINGAR**

Omgrepet kommunal økonomisk berekraft (KØB) er betydeleg styrka i den nye kommunelova (kapittel 14). Kommunen skal rapportere på økonomisk handleevne over tid, og ha vedteke finansielle måltal.

Det vert anbefalt at kontrollutvalet har ei sak om dette temaet i eit møte før møtet der rekneskapen skal handsamast. Kontrollutvalet skal gi uttale til kommunestyret om både årsrekneskapen og årsmeldinga, jf. kommunelova § 14-3. I kontrollutvalet sin uttale kan ei vurdering av den kommunale økonomiske berekrafta (KØB) inngå.

Kontrollutvalet sin uttale om årsrekneskapen og årsmeldinga skal etter planen handsamast i kontrollutvalet sitt april-møte. Både [NKRF](#) og [FKT](#) gav ut rettleiarar om temaet i 2021.

I tråd med anbefalingane i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin rettleiar er kommunedirektøren beden om at kontrollutvalet for ei orientering om kommunen sine finansielle måltal og utviklinga av desse gjennom dei siste åra, og om mogleg forventa resultat i 2022 møtet 21.02.2023. Ein kort status om ferdigstilling av årsrekneskapen 2022 er også bede om.

Kommunalsjef, økonomi, Janne Sund stiller i møtet og orienterer.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om finansielle måltal, KØB og status for avlegging av årsrekneskapen til orientering.



06/23 ORIENTERING OM ARBEIDSMILJØUNDERSØKINGA

SAKSOPPLYSINGAR

I kontrollutvalsmøtet i juni orienterte rådgjevar, HMS fagansvarleg, Linn Kolstad om sjukefråvær, statistikk og tiltak for å få ned sjukefråværet. I den samanhengen orienterte ho og kommunedirektøren kort om at dei kunne kome att å orientere om arbeidsmiljøundersøkinga seinare. Kontrollutvalet ynskte dette.

Til dette møtet er kommunedirektøren beden om at kontrollutvalet vert orientert om sentrale funn i undersøkinga, samt får ei heilt kort oppdatering om sjukmeldingsstatistikken, som ei oppfølging etter saka i juni.

Lisbeth T. Alvær, kommunalsjef HR og utvikling, stiller i møtet og gir ei kort orientering om 10-faktorundersøkinga som har vorte gjennomført i Alver kommune og om siste sjukefråværsstatistikk.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om arbeidsmiljøundersøkinga og sjukefråværsstatistikken til orientering.

**07/23 REVISJONSTENESTER FRÅ 2024 – KONKURRANSEGRUNNLAG**

Saksvedlegg vert ettersendt: Utkast konkurransegrunnlag revisjonstenester (unnateke offentlighet etter § 13 ledd 2 (konkurransemessig betydning))

SAKSOPPLYSINGAR

Kontrollutvalet skal drøfta konkurransegrunnlag for utlysning av rammeavtale for revisjonstenester i møtet 21.02.2023. Odin prosjekt AS og sekretariatet har samarbeidd om framlegg til konkurransegrunnlag. Konkurransgrunnlaget vert ettersendt. Dokumenta er unnateke offentlegheit fram til ein konkurranse vert kunngjort. Dette for at ikkje konkurransegrunnlaget skal verta kjent for enkelte aktørar før konkurransen er lyst ut.

Bakgrunn:

Revisjonstenestene i Alver kommune er konkurranseutsette, og inneverande rammeavtale med revisor går ut ved årsskiftet 2023/24. Oppdraget med rekneskapsrevisjon for 2023 vert likevel fullført innafor gjeldande avtale, fram til og med kommunestyret si handsaming av årsrekneskapen (truleg i juni 2024). Rammene for forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll og «andre revisjonstenester» i inneverande avtale er disponerte for 2023, og ein avtale med ny revisor må starta frå 01.01.2024 for å dekkja dei oppgåvene som kjem på dette feltet. Alle oppgåver knytt til rekneskapsrevisjon av rekneskapsåret 2024 må verta utførte innafor ein ny avtale.

Oppdraget som skal lysast ut vil gjelda alle oppgåvene som er skildra i kommunelova, kapittel 23 og 24 med tilhøyrande forskrifter mv. Dette inkluderer både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Som vist i sak 75/22 er det avklara at Alver kommune sin rammeavtale med Odin prosjekt AS for bistand til gjennomføring av offentlege innkjøp vert nytta. Dette for å mellom anna å sørge for at innkjøpsprosessen føl lovar og reglar. [Sjå eventuelt forskrift om offentlige anskaffelser her.](#) Det vert ein kostnad knytt til denne bistanden. Denne vil inngå i summen for revisjonstenester i kontrollutvalet sitt budsjett for 2023.

For å sørge for ein god prosess der ein får tid til den lovpålagde handsaminga i kontrollutvalet og kommunestyret knytt til engasjement av revisor frå 2024 vert innkjøpsprosessen starta no. Kontrollutvalet sitt arbeid med ein offentleg innkjøpsprosess skal resultere i eit vedtak der kontrollutvalet lagar innstilling til kommunestyret om val av revisor, jamfør kommunelova § 24-1.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek framlagt konkurransegrunnlag frå Odin prosjekt AS, utarbeid i samarbeid med sekretariatet.
2. Oppdraget om revisjonstenester skal lysast ut forskriftsmessig gjennom Alver kommune sine kanalar (Merzell-konto).
3. Kontrollutvalssekretariatet ved Region Nordhordland IKS er ansvarleg for heile innkjøpsprosessen. Odin prosjekt AS bistår med innkjøpsfagleg kompetanse.



4. Kontrollutvalet skal i seinare møte gjera vedtak om val av leverandør etter gjennomført evaluering av innkomne tilbud.

08/23 ÅRSMELDING FOR ALVER KONTROLLUTVAL 2022

Saksvedlegg: Framlegg til årsmelding for Alver kontrollutval 2022

SAKSOPPLYSINGAR

Kontrollutvalet skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret, jf. kommuneloven § 23-5.

Sekretariatet har utarbeida framlegg til årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2022.

Årsmeldinga er eit supplement til protokollane frå møta, som er den løpande rapporteringa til kommunestyret. Den vedtekne årsmeldinga skal gå som ein eigen rapport til kommunestyret for å synleggjere arbeidet til kontrollutvalet i året som er gått.

Kommunestyret er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar. Framlegging av kontrollutvalet si årsmelding til kommunestyret er eit godt høve til å setje merksemd på kontrollutvalet si rolle og sitt mandat og nokre av sakene utvalet har handsama i 2022. Sekretariatet anbefaler difor leiar å be ordførar om å få gje ei innleiing til handsaminga av årsmeldinga i kommunestyret.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2022 slik den ligg føre. Sekretariatet sender årsmeldinga til kommunestyret til orientering.



09/23 MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

SAKSOPPLYSNINGAR:

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen. Kontrollutvalsmedlemmene kan i dette faste sakspunktet orientere kvarandre om politiske saker som er relevante for utvalsmedlemmene å kjenne til.

I førre kommunestyremøte, 15.12.2022, vart fleire saker som er relevante for kontrollutvalet å vita om, handsama. Sekretariatet finn det difor hensiktsmessig om å lista desse opp, med lenker til sakspapira, under:

- [Dokument 22/93008 - Tilstandsrapport for barnevernet 2022 \(sing.no\)](#)
- [Dokument 22/91164 - Forvaltningsrevisjon - Økonomistyring i Alver kommune \(sing.no\)](#)
- [Dokument 22/89733 - Eigarskapsmelding del 1 \(sing.no\)](#)
- [Dokument 22/74415 - Tilrettelegging - mikrofoner og streaming politiske møter \(sing.no\)](#)
- [Dokument 22/88707 - Økonomiplan 2023-2026 \(sing.no\)](#)

Politisk møteplan med innkallingar og møteprotokollar ligg i innsynsløysinga: [Møteplan 2023 \(sing.no\)](#)

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

10/23 EVENTUELT

Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.



ALVER KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

- Møtedato: 12. desember 2022 kl. 09:00 – 11.40
- Stad: Formannskapssalen/kantina, Frekhaug (Meland rådhus)
- Deltakrar: Jimmy Pasali (leiar), Harald Breivik (nestleiar), Karolina Vakt skjold (medlem), Solbjørg Åmdal Sandvik (medlem), Arild Tveranger (medlem), Margrethe Aven Storheim (medlem) og Rolf Sandstad (medlem)
- Forfall:
- Andre: Ordførar Sara Sekkingstad
- Revisor:
- Granskingsutvalet: Torkel Tveit og Ellen Gooderham, Sands Advokatfirma (i sak 83/22)
- Sekretariat: Trude Bruket, Region Nordhordland IKS

INNHALDSLIS TE

80/22 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet	1
81/22 Godkjenning av protokoll frå førre møte	2
82/22 Meldingssaker	2
83/22 Rapport: granskning av sakshandsaminga i to personalsaker ved Knarvik ungdomsskule i Lindås kommune i 2019	3

80/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 12.12.2022 er godkjent.

BEHANDLING I MØTET

Samrøystes vedteke.

VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 12.12.2022 er godkjent.



81/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 21.11.22 er godkjent slik den ligg føre.

BEHANDLING I MØTET

Samrøystes vedteke.

VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 21.11.22 er godkjent slik den ligg føre.

82/22 MELDINGSSAKER

- a) Oversending av kopi. Svar på spørsmål om kommunedirektøren og kontrollutvalget, Alver kommune (med vedlegg) frå Statsforvaltaren og Distrikts- og kommunaldepartementet
- b) Timeoversikt granskingsutval til og med september 2022
- c) Timeoversikt juridisk bistand i samband med intervju
- d) Endeleg timeramme granskingsoppdrag

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.



83/22 RAPPORT: GRANSKING AV SAKSHANDSAMINGA I TO PERSONALSAKER VED KNARVIK UNGDOMSSKULE I LINDÅS KOMMUNE I 2019

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen som kjem fram i «Faktarapport Alver kommune» og «Juridisk rapport Alver kommune» frå det uavhengige granskingsutvalet til orientering.

Kontrollutvalet sender rapportane over til kommunestyret til orientering.

Framlegg til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret tek informasjonen som kjem fram i «Faktarapport Alver kommune» og «Juridisk rapport Alver kommune» frå det uavhengige granskingsutvalet til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Representantar frå granskingsutvalet, Torkel Tveit og Ellen Gooderham (Sands advokatfirma) orienterte om granskinga og gav ein presentasjon av hovudtrekka i dei to rapportane, faktarapport og juridisk rapport. Nicolai Skridshol og Malin Stenseth, dei to andre medlemmene i granskingsutvalet, deltok via Teams.

Kontrollutvalsmedlemmene stilte spørsmål til granskarane og fekk svar.

Kontrollutvalet drøfta saka.

Kontrollutvalet drøfta vedtaket i saka.

Følgande framlegg til vedtak vart lagt fram i møtet:

Harald Breivik:

Kommunestyret vert oppfordra til å leggje opp til ei brei oppfølging av saka, i lys av dei kritikkverdige forhold som kjem fram av granskingsrapporten. Oppfølginga bør omfatte system, rutinar, dei involverte i saka, alle elevar og alle tilsette i Alver-skulen.

Arild Tveranger:

Kontrollutvalet tek denne granskinga til kommunestyret og peikar på at Alver kommune har opptreidd svært kritikkverdige i lærer- og elevsakene ved Knarvik ungdomsskule. For at ikkje liknande saker skjer igjen, må Alver kommune opptre med verdighet og tillit for dei tilsette i kommunen. Den vidare prosess i denne granskinga takast opp til kommunestyret for handsaming.

Margethe Storheim:

1. Kontrollutvalet har fått framlagt rapport om lærarsakene, der det kjem fram at det har vore til dels alvorleg svikt i rutinar og etterleving av desse. Kontrollutvalet ber kommunestyret følge opp funna i rapporten og iverksette tiltak slik at liknande saker ikkje førekjem i framtida.



2. Det må sikrast at det føreligg rutinar og at desse er kjend og vert etterlevd av alle involverte partar. Kontrollutvalet ber om at kommunestyret gjev tilbakemelding til kontrollutvalet om korleis rapporten har vorte følgd opp innan juni 2023.

Dersom framlegget frå Margrethe Storheim vert endeleg vedtak ynskte Harald Breivik å leggje til følgande til framlegget frå Storheim: Det bør også vurderast tiltak i høve dei involverte i granskingssakene.

Kontrollutvalet voterte over tillegget lagt fram av Harald Breivik.

Jimmy Pasali og Harald Breivik stemte for. Margrethe Storheim, Rolf Sandstad, Karolina Vakt skjold, Arild Tveranger og Solbjørg Sandvik stemte mot. Framlegget fall med to mot fem stemmer.

Harald Breivik trakk sitt framlegg til vedtak.

Dersom framlegget frå Margrethe Storheim vert endeleg vedtak ynskte Arild Tveranger å leggje til følgande til framlegget frå Storheim: For at ikkje liknande saker skjer igjen, må Alver kommune opptre med verdighet og tillit for dei tilsette i kommunen.

Kontrollutvalet voterte over tillegget lagt fram av Arild Tveranger.

Jimmy Pasali, Arild Tveranger og Harald Breivik stemte for. Margrethe Storheim, Rolf Sandstad, Karolina Vakt skjold og Solbjørg Sandvik stemte mot. Framlegget fall med tre mot fire stemmer.

Arild Tveranger trakk sitt framlegg til vedtak.

Margrethe Storheim sitt framlegg til vedtak vart røysta over, og einstemmig vedteke.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet har fått framlagt rapport om lærarsakene, der det kjem fram at det har vore til dels alvorleg svikt i rutinar og etterleving av desse. Kontrollutvalet ber kommunestyret følge opp funna i rapporten og iverksette tiltak slik at liknande saker ikkje førekjem i framtida.

2. Det må sikrast at det føreligg rutinar og at desse er kjend og vert etterlevd av alle involverte partar. Kontrollutvalet ber om at kommunestyret gjev tilbakemelding til kontrollutvalet om korleis rapporten har vorte følgd opp innan juni 2023.



Trude Bruket

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8552 - 22/96974

Saksbehandlar:
Tove-Mette Arnø Fyllingen
tove.mette.fyllingen@alver.kommune.no

Dato:
20.12.2022

Forvaltningsrevisjon «økonomistyring i Alver kommune»

Vedlagt følger kommunestyret sitt vedtak.

Med helsing
Tove-Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.

Mottakarar:
Trude Bruket

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-216
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 29.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
165/22	Alver kommunestyre	15.12.2022

Forvaltningsrevisjon - Økonomistyring i Alver kommune

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

- Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten «Strategisk økonomistyring i Alver kommune» og ber kommunedirektøren om å:
 - å innføre ein prosess for å få innspel frå avdelings- og tenesteleiarar om moglege utfordringar i høve system og rutinar.
 - å gjennomføre ei arbeidsmiljøundersøking blant mellomleiarane i kommunen med særleg omsyn på opplevd arbeidspress.
 - å tilby mellomleiarane auka støtte og opplæring i økonomifunksjonen
 - å gjennomgå rutinane for synleggjering av driftskonsekvensar i investeringsvedtak med sikte på å tydeleggjere konsekvensane endå betre.
 - å innfør detaljerte krav om KVU, KS1 og KS2 med forskjellig innslagspunkt i større prosjekt.
- Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan tredje kvartal 2023.

Alver kommunestyre 15.12.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteke.

KO- 165/22 Vedtak:

- Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten «Strategisk økonomistyring i Alver kommune» og ber kommunedirektøren om å:
 - å innføre ein prosess for å få innspel frå avdelings- og tenesteleiarar om moglege utfordringar i høve system og rutinar.
 - å gjennomføre ei arbeidsmiljøundersøking blant mellomleiarane i kommunen med særleg omsyn på opplevd arbeidspress.
 - å tilby mellomleiarane auka støtte og opplæring i økonomifunksjonen
 - å gjennomgå rutinane for synleggjering av driftskonsekvensar i investeringsvedtak med sikte på å tydeleggjere konsekvensane endå betre.
 - å innfør detaljerte krav om KVU, KS1 og KS2 med forskjellig innslagspunkt i større prosjekt.
- Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan tredje kvartal 2023.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Vedlegg i saken:

29.11.2022	2022 11 21 Møteutskrift sak 72_22_Alver kontrollutval	1843739
29.11.2022	Alver - Rapport frå forvaltningsrevisjon av strategisk økonomistyring KS	1843738

Fra: [Jimmy Pasali](#)
Til: [Nils Kvalvågnes](#)
Kopi: [jorunn.h.kvalvagnes](#); [Trude Bruket](#)
Emne: Re: Vurdering av Alver kommune si klagehandsaming i byggjesak/saker.
Dato: fredag 6. januar 2023 16:30:15
Vedlegg: [Vedlegg 1 - Supplement til omgjevningsbegjæringa - v advkont Harris - 17okt 2019.pdf](#)
[Vedlegg 2-Skriv til Alver kommune vedr feil i matrikkellen for abnr 188-757 - seksj 37-parkering.doc](#)
[Vedlegg 3-Revidert - Stadfestar mottatt klage på seksjonering av parkeringskjellaren - abnr 188757.pdf](#)
[Vedlegg 4-Vedr - Krav om sletting av parkeringsseksjon seksj 37 - svar frå Alver kom.pdf](#)
[Vedlegg 5 -Etterlyser manglande svar på klage feilseksjoneringa gjesteplassar abnr 188_757.pdf](#)
[Vedlegg 6- Rammeløyve oppføring av bustadbygga med 36 husvære med parkeringskjellar 188-757 Knarvik.pdf](#)

Hei Nils.

Tusen takk for Mail.

Jeg setter kontrollutvalgets sekretæriat på kopi av denne Mail som vil informere deg om videre saksgang.

Mvh

Jimmy pasali
Pasaligrafisk as
92458525

6. jan. 2023 kl. 12:06 skrev Nils Kvalvågnes <nils.kvalvagnes@gmail.com>:

Til leiar for Kontrollutvalet i Alver kommune - Jimmy Pasali.

Vurdering av Alver kommune si klagehandsaming i byggjesak gjeldande bustadbygg med 36 husvære med parkeringskjellar - gbnr 188/757 - Knarvik. Saksnr. 16/163 - 16/11384.

Hallo.

Etter råd frå kommunestyrerepresentant Sveinung Toft, - ønskjer me å leggja fram våre dårlege erfaringar med Alver kommune som forvaltar av nasjonalt og lokalt regelverk for byggesaker og manglande etterleving av Forvaltingslova når det gjeld forsvarleg sakshandsaming, - særleg klagerettleiing og oppfølging av vår klage i ei konkret byggje- og seksjoneringssak.

Saka gjeld feilseksjonering av alle 11 gjesteplassane i parkeringskjellaren til bustadblokka "Knarvikparken", Kvassnesvegen 57 som ligg i reguleringsplan "Knarvik Terrasse" i Knarvik. Me gjorde kjøpsavtale med utbyggjar om rett til leilegheit nr. 30 i denne blokka i august 2016 og signerte kjøpekontrakt med forskotsbetaling i mai 2017. Me var altså avtalefesta seksjonseigarar i heile byggeperioden og skulle hatt direkte informasjon frå kommunen om vedtak som berørte vår eigedom. Det fekk me aldri.

Me klaga på kommunen sitt vedtak om å gje ferdigattest/løyve, og på kommunen sitt vedtak om å seksjonera parkeringskjellaren i bustadblokka så snart me oppdaga at alle 11 gjesteplassane i parkeringskjellaren var feilaktig seksjonert ut av fellesarealet, men kommunen avviste vår klage som "for seint

innkomen". Me fekk då Advokatkontoret "Harris" i Bergen til å gje ei vurdering av kommunen sitt avvisingsgrunnlag (sjå vedlegg 1). Dette vart oversendt kommunen i samband med at me opprettheld klagen, men kommunen overser heilt vår advokat sitt innlegg i saka. Dette meiner me er brot på god forvaltningsskikk. Me som klagar har rett til å la oss bistå av advokat. Advokaten sine argument om urettmessig avvising av klagen er også våre argument, og kommunen skal etter Forvaltingslova forklara desse i saksutgreiinga, kommentera dei relatert til loverk, regelverk og bestemmelsar, og grunngje forvaltninga sine vurderingar per argument, - før vedtak/-innstilling til vedtak.

Rett før jul i 2021 fekk me melding om at ei rad feilseksjoneringar av leilegheiter/bustadseksjonar i denne blokka skulle rettast. Me sende rett over nyttår 2022 på nytt krav til kommunen om at også feilseksjoneringa av parkeringskjellaren måtte rettast opp(sjå vedlegg 2) og mottok då informasjon om handsaminga av denne klagen (sjå vedlegg 3).

Deretter skjedde det ikkje noko. Me purra per e-post 2 gonger hausten 2022 og tok kontakt telefonisk. Til sist fekk me melding frå sakshandsamar at klagsaka ikkje var prioritert av hennar leiar. Deretter sende me klage på sakshandsaminga til avdelingsleiar for Miljø og Tilsyn, utan så langt å ha motteke noko svar frå han. Klagesaka vår har pågått sidan i førstninga av januar 2019, og vår klåre oppfatning er at kommunen sin administrasjon trenerer saka etter beste evne for å sleppa å retta opp feilseksjoneringa av dei 11 gjesteplassane i parkeringskjellaren og slik slepp å trekkja attende ferdigløyvet for parkeringskjellaren. Eit ferdigløyve som vart gjeve trass i at kommunen visste at det mangla 11 gjesteplassar i parkeringskjellaren i høve det politisk vedtekne kravet i reguleringsplanen for Knarvik Terrasse, (- (der denne bustadblokka er namngjeven som B5) og i rammeløyvet/byggjeløyve for bustadblokka (vedlegg 6).

Kommuneadministrasjonen har difor med vitande og vilje underkjendt Kommunestyret sitt pålegg om at alle bustader i Lindås/Alver skal ha ein definert gjesteplasskapasitet og at dette kravet skal konkretiserast i reguleringsplanar for bustader og i rammeløyva.

Me varsla/klaga så snart me fekk kjennskap til feila. Dette hadde me rett til som kontraktfesta eigarar av leilegheit nr. 30 i bustadblokka frå august 2016. Likevel kontrollerer ikkje kommuneadministrasjonen at dei faktiske krava er gjennomført, men opplyser oss om at dei berre driv "papir kontroll" og skuldar deretter på at det ikkje er kommunen sitt ansvar å kontrollera faktiske feil og manglar i høve gitte løyve, sjølv om kommunen vert gjort oppmerksom på dette munnleg og skriftleg.

Dette er brot på god forvaltningsskikk generelt, og på delegasjonen kommunen har frå Kommunestyret og frå nasjonale myndigheiter spesielt. Det er kommunen som offentlegrettsleg skal godkjenna at bygget er ferdigstillt i samsvar med rammeløyve og andre offentlege vilkår, og det er kommunen som offentlegrettsleg gjev løyve til seksjonering etter gjeldande reglar i boligseksjoneringslova. Kommunen må sjølv sagt kontrollera at seksjoneringsøknaden og finn ein feil i etterkant, må kommunen som utøvande seksjoneringsmyndigheit retta dette opp. Seksjoneringsvedtaket for vår bustadblokk inneheld også atterhald om at seksjoneringsvedtaket ikkje gjer ulovlege forhold lovlege. Atterhald i seksjoneringsvedtaket: "*Ulovligheter*

eller manglar etter plan- og bygningslova blir ikkje lovlege etter løyve til seksjonering etter lov om eigarseksjonar. Løyve til seksjonering kan ikkje likestillast med mellombels bruksløyve eller ferdigattest".

Kommuneadministrasjonen i Lindås/Alver er kjend for å omgå, unngå, ignorera politiske vedtak både på overordna nivå og i enkeltsaker. Slik skapar den ei utryggheitskjensle hjå innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar i deira rettmessige kontakt med kommunen som forvaltar av "goder".

Administrasjonen sin lemfeldig omgang med god forvaltningsskikk og mangel på respekt for egne innbyggjarar sitt tarv har ofte sin bakgrunn i dårleg oppfølging og kontroll av administrasjonen sin praksis frå politisk nivå v/Kommunestyret og Kommunestyret sine underorgan. Slike tilfelle les ein stadig om i media. Kontrollutvalet har ei viktig rolle i å setja fokus på dette problemet, og Kontrollutvalet er difor kanskje det viktigaste organet kommunen har for å sikra befolkninga sin tillit til politikarane og kommuneadministrasjonen, j.f. t.d "lærarsakene".

Me bed difor om at vår sak vert teke opp i Kontrollutvalet med det for auga å setja lys på kommunen sin forvaltingskompetanse, forvaltingspraksis og forvaltningsskikk innanfor plan- og byggesakshandsaming, og særleg sakshandsamar/kommunalsjefen sitt ansvar for god og heilskapleg opplysning av saker før vedtak (Forvaltingslova sine kvalitetskrav om "tilstrekkeleg opplysning av saka" som grunnlaget for gyldig vedtak), for klagerettleiing til berørte partar og ansvar for framdrift i klagehandsaminga. Urett avvising av klage (sjå vedlegg 1) og "parkering" av klagesaker (sjå vedlegga 4A, 4B og 5), slik som me er blitt utsette for, må ikkje få skje.

Vårt innspel om dette bør konkretiserast nærare om du finn at det kan liggja innanfor ditt ansvarsområde som leiar av Kontrollutvalet i Alver kommune. Me vil då be om møte med deg for å presentera og dokumentera (meir omfattande enn eg kan gjera her), vår oppleving av kommunen som forvaltar av politiske vedtak og aktuelt regelverk .m.v. og det denne saka gjeld, .om du vil gje oss muligheit til det.

Til sist vil me opplysa om at kommunen si, etter vår meining, uforsvarlege sakshandsaming når det gjeld å kontrollera politisk vedtekne krav sett i Kommuneplan, Reguleringsplan og andre konkretiseringar gjort i Rammeløyvet for bustadblokka og i brev til utbyggjar, har ført til urettmessig overføring av verdjar for ca. 3,6 millionar frå fellesområdet i bustadblokka sin parkeringskjellar. I tillegg har 11 av seksjonseigarane urettmessig fått kjøpt desse plassane og fått overført eksklusiv bruksrett til desse, i strid med sameiget sine opphavelege vedtekter godkjende av kommunen i samband med denne sitt seksjoneringsvedtak.

Sjå elles vedlegga 1 - 6.

Med helsing Jorunn og Nils Kvalvågnes

VEDLEGG

Vedlegg 1 - Supplement til omgjøringbegjæring - v adv.kont Harris - 17okt 2019

Vedlegg 2-Skriv til Alver kommune vedr feil i matrikkelen for gbnr 188-757 - seksj 37-parkering

Vedlegg 3-Revidert - Stadfestar mottatt klage på seksjonering av parkeringskjellaren - gbnr 188757

Vedlegg 4-Vedr - Krav om sletting av parkeringsseksjon seksj 37 - svar frå Alver kommune dat. 17.01.22.

Vedlegg 5 -Etterlyser manglande svar på klage feilseksjonering gjesteplassar gbnr 188_757

til bustadblokka sine 36 seksjonseigarar

Vedlegg 6- Rammeløyve oppføring av bustadbygg med 36 husvære med parkeringskjellar 188-757 Knarvik

Trude Bruket

Frå: Trude Bruket
Send: mandag 9. januar 2023 11:08
Til: Nils Kvalvågnes
Kopi: jorunn.h.kvalvagnes; Jimmy Pasali
Emne: SV: Vurdering av Alver kommune si klagehandsaming i byggjesak/saker.

Til Nils Kvalvågnes.

Kontrollutvalssekretariatet har på vegne av Alver kontrollutval motteke henvendinga di. Alle henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsendar(-ar).

Henvendinga di vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering i neste møte. Om kontrollutvalet vel å gå nærare inn på det som henvendinga gjeld, vil du kunne sjå i møteprotokollen som du finn på innsynssida til kommunen som du finn ved å gå via nettsida.

Ut over dette vil du ikkje få noko meir svar frå kontrollutvalet på henvendinga di.

Utan at vi har vurdert henvendinga di, vil vi på generelt grunnlag seie at det i hovudsak er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle henvendingar som m.a. gjeld klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om, eller der det går fram av kommunelova kapittel 23 og 24 <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83> og forskrift om kontrollutval og revisjon i kommunar <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904>.

Når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret, må kontrollutvalet sjølv vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det henvendinga tek opp. Kontrollutvalet kan elles ta med seg innspelet ditt til neste runde når dei skal sjå på kva forvaltningsområde i kommunen det er ynskjeleg å gjere revisjonar av.

Vi gjer også merksam på at kontrollutvalet ikkje er eit forvaltningsorgan som fattar enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Personar som henvender seg til kontrollutvalet er ikkje å rekne som part i ei eventuell påfølgjande kontrollsak. Det vil difor ikkje vera klagerett på vedtak gjort av kontrollutvalet, eller andre partsrettar etter forvaltningslova § 28 knytt til vedtak gjort av utvalet.

Med venleg helsing
Trude Bruket

Kontrollutvalssekretariatet | Region Nordhordland IKS
Mobil 97 01 98 93 | www.regionordhordland.no

Frå: Jimmy Pasali <jimmy@pasaligrafisk.no>
Send: fredag 6. januar 2023 13:12
Til: Nils Kvalvågnes <nils.kvalvagnes@gmail.com>



KPMG AS
Postboks 4 Kristianborg
Kanalveien 11
N-5822 Bergen

Telephone +47 45 40 40 63
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Kontrollutvalget i Alver kommune
v/ Trude Bruket

Deres ref

Vår ref SRD

6. februar 2023

Notat om status på forvaltningsrevisjoner per 6. februar 2023

Beredskap og pandemi

Det er gjennomført oppstartsmøte og avklaring av dokumentbehov. For revisjonen har det vært vesentlig å avklare dokumentasjonsbehovet da det er snakk om en veldig stor mengde dokumenter.

Revisjonen ligger for øvrig an til å gjennomføres og leveres som planlagt.

Barnevern

Det er gjennomført oppstartsmøte, avklaring av dokumentbehov og vi har mottatt en delleveranse med dokumentasjon. Resterende dokumentasjon forventes i løpet av uke 6. Vi er i gang med dokumentanalysen og har også laget utkast til spørreundersøkelse.

Revisjonen har så langt blitt gjennomført i tråd med vedtatt tidsplan.

Vennlig hilsen
for KPMG AS

Sindre Rødne Dueland
Manager

Offices in:

© KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.


Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

KPMG Public

Oslo	Elverum	Molde	Straume
Alta	Finnsnes	Tromsø	Tynset
Arendal	Hamar	Trondheim	Ulsteinvik
Bergen	Haugesund	Skien	Sandefjord
Bodø	Knarvik	Sandnessjøen	Alesund
Bryne	Kristiansand	Stavanger	
Drammen	Mo i Rana	Stord	

Årsmelding 2022

Sekretariatstenester for kontrollutvala i kommunane
Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Voss



Innhald

1	Innleiing	3
2	Rammene for kontrollutvalssekretariatet sitt arbeid.....	3
2.1	Sekretariatet si rolle.....	4
3	Organisering og økonomi	5
3.1	Rekneskap sekretariatstenesta 2022	5
3.2	Tilsette med oppgåver i kontrollutvalssekretariatet i 2022.....	6
3.3	Medlemskap i kompetanseorganisasjonar	6
4	Aktivitet og oppfølging i 2022	7
4.1	Møteverksemd, saker og tidsbruk.....	7
4.2	Årshjul	9
4.3	Møteplan	9
4.4	Om sekretariatet sitt arbeid.....	11
4.5	Sekretariatet sine oppgåver	12
4.5.1	Møteførebuing.....	12
4.5.2	Koordinering med revisjonen	12
4.5.3	Bestillingar frå administrasjonen	12
4.5.4	Handsaming av henvendingar og uplanlagde saker	12
4.5.5	Evaluering og utviklingsarbeid.....	12
4.5.6	Kurs og fagleg samling	12
4.5.7	Publisering av innkalling, sakspapir og protokoll	13
5	Avsluttande kommentarar.....	13

1 Innleiing

Region Nordhordland IKS (RNI) tek i vare sekretariatsoppgåvene for kontrollutvala i seks av eigarkommunane; Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy. I inneverande valperiode har RNI også avtale med Voss herad om sekretariatsfunksjonen for Voss kontrollutval etter ein tilbods konkurransen.

Kontrollutvalet er eit lovpålagt utval for alle kommunar. Kontrollutvalssekretariatet sitt arbeid er knytt til førearbeid, gjennomføring og etterarbeid i samband med møte i kontrollutvala.

2 Rammene for kontrollutvalssekretariatet sitt arbeid

Kontrollutvalet si verksemd, herunder sekretariatet sine oppgåver, er definert kapittel 23 i kommunelova, samt i forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet skal utføre ein del av kommunen sin eigenkontroll gjennom å føre løpande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. I tillegg er det kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.



2.1 Sekretariatet si rolle

Sekretariatet skal vere uavhengig i høve kommunen sin administrasjon og kommunen sin revisor. Oppgåva til sekretariatet er å administrere og legge til rette for at kontrollutvala i kommunane får utført sine oppgåver. Sekretariatet gjer dette mellom anna gjennom sakshandsaming, saksutgreiing, rådgjeving, koordinering og tilrettelegging for gjennomføring av møte.

Sekretariatet er slik sett kontrollutvalet sin administrasjon og har som hovudoppgåve å sjå til at dei sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg og objektivt utgreia, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk. Sekretariatet er direkte underlagt kontrollutvalet.

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 23-7 handlar om krava til sekretariatet for kontrollutvalet:

Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstiller utvalgets behov.

Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.

Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon og av den eller dem som utfører revisjon for kommunen eller fylkeskommunen.

Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til

- a. ansatte i kommunen eller fylkeskommunen som har andre arbeidsoppgaver enn å være sekretær for kontrollutvalget*
- b. den som utfører revisjon for den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen*
- c. medlemmer av kontrollutvalget, kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen.*

Den som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalget, er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir.

Kommunestyret og fylkestinget velger selv sekretariat for kontrollutvalget etter innstilling fra kontrollutvalget.

I forskrift om kontrollutval og revisjon beskriv § 7 sekretariatet sine oppgåver:

Sekretariatet skal forberede sakene for kontrollutvalget og skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet. Sekretariatet skal også påse at kontrollutvalgets vedtak blir iverksatt.

3 Organisering og økonomi

Kontrollutvalssekretariat kan organiserast på ulike måtar. I Nordhordland har kommunane (med unntak av Gulen og Vaksdal) sidan ordninga med uavhengig sekretariat starta i 2005, vald å løyse oppgåva gjennom RNI. Dette er ei av fleire oppgåver RNI utfører for eigarkommunane.

Sekretariatsoppgåvene har til og med 2022, utgjort om lag 0,6 årsverk til saman for dei sju kommunane, og kostnadsfordelinga følgjer ein avtale basert på ein fordelingsnøkkel.

Arbeidsmengda i kontrollutvala har auka jamt etter sekretariatsordninga vart innført,¹ og i dei seinare åra har det føregått ei profesjonalisering innafor sekretariata.² Det har elles vore ei utvikling gjennom dei siste åra at fleire komplekse saker har kravd meir utgreiingsarbeid av sekretariatet.

På bakgrunn av auka arbeidsmengd, og skjerpa krav til drifta, vert det gjort ei justering i 2023 som legg opp til at sekretariattjenestene krev ca. eitt fullt årsverk, i hovudsak fordelt på to tilsette.³

3.1 Rekneskap sekretariattjenesta 2022

Tabell 1 viser kostnadsfordeling for eigarkommunane i RNI

Kommune	Rekneskap totalt 2022	Fast del 2022	Etter folketal	Folketal 01.01.2022
4629 Modalen	kr 61 759	kr 60 000	kr 2 367	kr 378
4630 Osterøy	kr 97 832	kr 60 000	kr 50 911	kr 8 131
4631 Alver	kr 197 691	kr 60 000	kr 185 291	kr 29 593
4632 Austrheim	kr 73 442	kr 60 000	kr 18 089	kr 2 889
4633 Fedje	kr 62 336	kr 60 000	kr 3 143	kr 502
4634 Masfjorden	kr 67 579	kr 60 000	kr 10 200	kr 1 629
Totalsum	kr 560 639	kr 360 000	kr 270 000	kr 43 122

¹ Jamfør blant anna Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin organisasjonsdatabase 2020/2021, sluttrapport 2021.

² I 2014 gjennomførte Deloitte ei evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat der dei tilrådde tydelegare nasjonale føringar som konkretiserer innhaldet i sekretariatet sine oppgåver. Etter dette er det kome til fleire lovkrav og fleire rettleiarar knytt til kontrollutvala og sekretariata sitt arbeid og drift.

³ I andre sekretariat er det vanleg at ein tilsett følgjer opp 4-6 kontrollutval på ei fulltidstilling (for kommunar på tilsvarende storleik som dei i RNI sitt område).

Merknader til rekneskopen:

1. I 2022 vart Alver kontrollutval fakturert kr. 50 000,- ekstra for ekstra arbeid knytt til ei granskingssak.
2. Voss herad vart i tillegg fakturert kr. 236 685,- for kontrollutvalssekretariat i 2022. Avtalen er timebasert.

Den totale inntekta RNI hadde knytt til kontrollutvalssekretariatsarbeid var difor **kr. 847 324,-** i 2022.

3.2 Tilsette med oppgåver i kontrollutvalssekretariatet i 2022

Tonje Husum Aarland, som har hatt hovudansvar for å følgje opp sekretariatsoppgåvene gjennom fleire år, hadde siste arbeidsdag i RNI 18.02.2022. Trude Bruket vart tilsett i november 2021 og tok over hovudansvar for sekretariatsoppgåvene for alle kommunane frå januar 2022. I juni 2022 vart Torbjørg Grøttveit Gjerstad tilsett. Frå hausten 2022 tok ho over som fast sekretær for tre av utvala. Fordelinga etter dette har vore slik:

Kontrollutvalssekretær for Alver, Fedje, Osterøy og Voss har vore Trude Bruket.

Kontrollutvalssekretær for Austrheim, Masfjorden og Modalen har frå hausten 2022 vore Torbjørg Grøttveit Gjerstad. (Trude Bruket hadde ansvaret fram til hausten 2022.)

I tillegg gjev Bent Gunnar Næss noko administrativ støtte og råd der det er naudsynt.

Dei tilsette deltek jamleg på aktuelle kurs og konferansar.

3.3 Medlemskap i kompetanseorganisasjonar

Sekretariatet er medlem av NKRF (ein fagleg interesseorganisasjon og eit kompetanseorgan for kontroll og revisjon av kommunal/offentleg verksemd) og frå slutten av 2022 også i Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Begge organisasjonane driv eit utstrekt kompetanseutviklingsarbeid, delvis i fellesskap. Begge har utvikla ei rekkje rettleiarar for sekretariatet og kontrollutvalet sitt arbeid, og tilbyr konferansar, fagsamlingar og kurs.

4 Aktivitet og oppfølging i 2022

Sekretariatet har kontakt med kvar enkelt kontrollutvalsleiarar før og etter møter for å sikre eigarskap og god dialog kring sakslister og gjennomføring av kontrollutvalsmøte.

For informasjon om kva saker kvart enkelt kontrollutval handsama i 2022 viser me vidare til kontrollutvala sine årsmeldingar.

4.1 Møteverksemd, saker og tidsbruk

Tabell 2 viser ei oversikt over tal møte og saker i kontrollutvala i løpet av 2022, 2021 og 2020:

Årstal – tal møte – tal saker	Alver	Austrheim	Fedje	Masfjorden	Modalen	Osterøy	Voss	Totalt
2022 - tal møte	9*	5	4	5	5	5	5	38
2022 - tal saker totalt	82	62	59	58	63	56	68	448
2022 - tal saker (eks. formalia, faste saker mm)	51	32	36	28	33	29	41	250
2021 - tal møte	6	5	4	5	4	5	5	34
2021 - tal saker**	68	53	46	54	44	57	51	373
2020 - tal møte	7	5	5	5	4	6	7	39
2020 - tal saker**	85	53	50	51	50	68	68	425

Merknader:

*Alver kontrollutval sette opp tre ekstra møte hausten 2022 på grunn av granskingsaka og to andre bestillingar frå kommunestyret.

**Merk at det for 2020 og 2021 kun er tal for saker inklusive formaliasaker og faste meldings- og orienteringssaker. For dei fleste utvala er det normalt 6 slike faste saker i kvart møte (5 i Alver).

Tabell 3 gir oversikt over rekna timeforbruk i 2022, 2021 og 2020:

Oversikt timebruk totalt	Alver	Austrheim	Fedje	Masfjorden	Modalen	Osterøy	Voss	Felles planlegging*	Totalt
2022 - timar	348	150	90	124	111	112	202	519	1656
2022 - timar (inkl. fellestid)	422	224	164	198	185	186	276	0	1655
2022 - % (eks. fellestid)	21,0 %	9,0 %	5,4 %	7,5 %	6,7 %	6,8 %	31,3 %	31,3 %	100,0 %
2021 - timar	202	73	75	70	41	74	121	373	842
2021 - %	27 %	11 %	12 %	11 %	8 %	12 %	17 %		100 %
2020 - timar	207	94	93	103	80	123	217	326	1243
2020 - %	22	10	10	11	9	13	24		100


Merknader:

*Timar brukt til felles planlegging, kurs, administrativt, m.m. som gjeldt alle kontrollutvala. Fordelast likt på alle sju.

** 100% av total ressurs, som er rekna til 0,6 årsverk. Timetalet oversteig denne ressursen i 2022 og 2020.

4.2 Årshjul

Figur 1 viser årshjulet for sekretariatet si oppfølging av kontrollutvalsarbeidet. Sakene vert tilpassa i dialog med kontrollutvalet. Årshjulet vart oppdatert i januar 2022.



4.3 Møteplan

Sekretariatet utarbeider framlegg til møteplan med ein årsplan der alle dei lovpålagde og planlagde sakene er lagt inn. Denne vert vidare brukt som hugseliste, og saker som dukkar opp gjennom året vert lagt til etter kvart.

Leiar avgjer kva saker som skal på kvart enkelt møte, men fleire av dei faste sakene kjem på faste møter gjennom året.

Tabell 4 viser eksempel på ein slik møteplan/årsplan for 2022:

2. feb.	Rapport/orientering om interimrevisjon 2021 Rapport eigarskapskontroll Status for årsrekneskapen 2021 – orientering Plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024 – vidare prosess/bestille prosjektplan Årsmelding kontrollutvalet Orientering om oppvekst og kultur – organisering, internkontroll og utviklingsprosjekt Årsmelding kontrollutvalssekretariatet - orienteringssak Budsjetvedtak kontrollutvalsarbeidet - orientering Kontrollutvalet årsplan/møteplan
27. april	Årsrekneskap og årsmelding – Uttale frå kontrollutvalet-(utsett) Rekneskap for kontrollutvalsarbeidet 2021 Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet 2023 Oppfølging av evaluering med drøfting
1. juni	Utsett: Årsrekneskap og årsmelding – Uttale frå kontrollutvalet Forenkla etterlevingskontroll med økonomirådet 2021 Handsame bestilling forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk innan helse- og omsorg Orientering om eventuelle kommande eksterne tilsynsrapportar Oppdatere møteplan for hausten ved behov
21. sep.	Oppfølging av evaluering med drøfting saman med ordførar og kommunedirektør Prosjektplan: forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk innan helse- og omsorg Overordna revisjonsstrategi 2022 Revisor sin uavhengighet Handtering av innkomne saker (henvendingar) – rettleiar og drøfting Oppvekst og kultur – oppfølging med meir spissa orientering Orientering om tiltak som er gjort etter tilrådingar i forvaltningsrevisjon PPT og spesialundervisning frå februar 2020 Orientering om Statsforvaltaren sin rapport om spesialundervisning/dokumentettersyn. Orientering om budsjettprosess – med fokus på tiltak som er gjort for å betra budsjettarbeidet (i høve årsmelding/orientering om årsrekneskapen 2021) Gjennomføring av møte i kontrollutvalet – fysiske møte, fjernmøte eller hybridmøte jf. reglement.
30. nov.	Statusrapportering: forvaltningsrevisjonsprosjekt Status om oppfølging av tilrådingane i «Rapport eigarskapskontroll» Orientering om oppfølging av tilrådingar etter etterlevingskontroll med tema sjukelønsrefusjonar 2021 Møteplan/årsplan for 2023 Rekneskap: Oppfølging av punkt i revisjonsrapport Orientering om Statsforvaltaren sin rapport om spesialundervisning/dokumentettersyn. Orientering om aktuelle kurs

Årsplan 2022 for Austrheim kontrollutval

I tillegg handsamar kontrollutvalet meldingssaker, får orienteringar om aktuelle tema i kommunen frå ordførar og kommunedirektør, orienterer kvarandre om aktuelle saker frå kommunestyret og andre politiske utval i så godt som alle møte.

4.4 Om sekretariatet sitt arbeid

Det er i hovudsak kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon som legg føringar for arbeidet til kontrollutvalet, og dermed sekretariatet. [Kontrollutvalsboka](#), utgitt av Kommunal- og distriktsdepartementet, syner godt arbeidet som ligg til kontrollutvalet og sekretariatet.

Dei faste sakene gjennom eit år omfattar å lage framlegg til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen, å halda seg løpande orientert om rekneskapsrevisjon og økonomiforvaltninga, samt å gje uttale til årsrekneskapan og årsmeldinga før kommunestyret handsamar dette, bestille og følge opp forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar, innstille til val av revisor og revisjonsordning (herunder gjennomføre innkjøpsprosess for dei kommunane som kjøper revisjonstenester i marknaden), og sjå til at revisjonen gjer den jobben dei er sett til. Kontrollutvalet skal også orientere seg om tilsyn i regi av andre statlege mynde.

Ansvaret til kontrollutvalet følger av kommunelova §23-2 første ledd:

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) *kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) *det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
- c) *det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i*
- d) *det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*
- e) *vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp»*

Gjennom året kjem det også ein del saker og innspel på sekretariatet sitt bord, som sekretariatet må gjere ei fagleg vurdering av om er relevante for kontrollutvalet. I tillegg kan det vere innkjøpsprosessar i regi av kontrollutvala (som til dømes revisjonstenester i Alver eller kjøp av juridiske tenester for mindre undersøkingar). Dette arbeidet kan tidvis vere krevjande og omfattande.

4.5 Sekretariatet sine oppgåver

4.5.1 Møteførebuing

Sekretariatet førebur møta og lagar innkalling og saksutgreiingar, er med som sekretær og rådgjevar til kontrollutvalet i gjennomføringa av møta og fører protokoll. I etterkant av møta sørgjer sekretariatet for at kontrollutvalet sin protokoll vert distribuert og at vedtak vert føljt opp. Sekretariatet gjennomfører også praktisk tilrettelegging av kontrollutvalsmøta, som bestilling av møterom og bevertning.

4.5.2 Koordinering med revisjonen

Sekretariatet koordinerer med revisor med omsyn til deira deltaking i møte. Rekneskapsrevisor og/eller forvaltningsrevisor deltek i så godt som alle møte. Dei legg til dømes fram rapportar som er knytt til dei aktuelle sakene som vert handsama i utvalet, eller er bedne om å rådgje og delta i bestillingsdialogar med kontrollutvalet. I tillegg legg dei fram formaliasaker som skal gje kontrollutvalet høve til å sjå til at revisor gjer jobben sin og at kommunen vert forsvarleg revidert og kontrollert.

4.5.3 Bestillingar frå administrasjonen

Sekretariatet bestiller også orienteringar hos kommunedirektøren til dei fleste møta. Dette er viktig for at kontrollutvalet skal få tilgang til informasjon om den kommunale drifta som er naudsynt for at dei skal kunne utføre rolla si.

4.5.4 Handsaming av henvendingar og uplanlagde saker

Ut over dei faste sakene som er nemnd i kommunelova og forskrifta, kan kontrollutvalet handsame andre kontroll saker. I kontrollutvalsboka, kapittel 4 «Arbeidet til kontrollutvalet» står dette i eitt av dei åtte punkta i oppsummeringa:

Kontrollutvalssaker er meir enn revisjonssaker. Kontrollutvalet må ta opp saker på eige initiativ og aktivt søkje innspel til saker som utvalet bør handsame.

Det er stor skilnad på kor mange slike ikkje planlagde saker kvart kontrollutval får innspel om, eller tek opp på eige initiativ. I dei største kommunane kjem det flest henvendingar, men også utval i små kommunar er aktive med omsyn til å bringa opp saker. Alle utvala bidreg til at saker som ikkje er lovpålagde vert tekne opp, ofte gjennom at kommunedirektøren vert beden om å gje orientering om eit tema/ei sak. Som regel har sekretariatet dialog med leiar om ei sak skal opp som sak eller meldingssak. Det er kontrollutvalsleiar som avgjer kva saker som skal på saklista.

Etter at FKT i 2022 kom med ein [retteleiar om handtering av henvendingar til kontrollutvalet](#) har alle kontrollutvala vedteke å nytta den, samt vedteke ei lokal retningsline for sakshandsaming av henvendingar basert på denne. Sekretariatet rådgir ofte dei som henvender seg til kontrollutvalet om kva som er rette instans for henvendinga, som til dømes å vise vidare til rette klageinstans.

4.5.5 Evaluering og utviklingsarbeid

I 2022 har alle kontrollutvala arbeidd med oppfølging av ei internevaluering midtvegs i perioden, som sekretariatet gjennomførte i overgangen 2021/2022.

4.5.6 Kurs og fagleg samling

Sekretariatet gjennomførte ei fagleg samling for dei sju kontrollutvalsleiarane 18.1.2022. Denne måtte gjennomførast digitalt på grunn av smittevernrestriksjonar kring covi-19-pandemien.

Sekretariatet bidreg elles med uformell opplæring av kontrollutvala i samband med handsaming av saker i møte.

4.5.7 Publisering av innkalling, sakspapir og protokoll

Opgåvene til sekretariatet omfattar også arkivering, journalføring og publisering av sakene i kontrollutvalet, møteprotokollar og korrespondanse.

Innkalling med sakspapir vert sendt via e-post med vedlegg i PDF til medlem i kontrollutvalet, ordførar og kommunen sin revisor,⁴ med kopi til vararepresentantar til kontrollutvalet, kommunedirektør, postmottaket, og andre etter avtale med kontrollutvalet (lokalmmedia).

Sekretariatet har ansvar for å opprette eit eige arkiv eller ein eigen arkivdel, som tilfredsstillar krava i arkivlova med forskrifter, for kvart enkelt kontrollutval.⁵

Kontrollutvalssekretariatet arkiverer i saks- og arkivsystemet Acos WebSak+, men har per i dag ikkje eigne arkivdelar for kvart utval, nyttar sakshandsamingssystemet eller har tilgang til møtemodulen i systemet. Sekretariatet publiserer difor ikkje sjølv sakspapira på nett og i politikarportal, men har avtalar med politisk sekretariat i kvar kommune som publiserer møteplan, innkalling og sakspapir i kommunen sitt innsynssystem/politikarportal etter å ha fått dette sendt over frå kontrollutvalssekretær. Det er god dialog mellom sekretariatet og dei som utfører denne oppgåva for kommunane.

For Voss kontrollutval arbeider sekretariatet i eigen arkivdel i Voss herad sitt arkiv, og publiserer møteplan og saker der.

I samband med oppstarta innkjøpsprosess for nytt arkiv- og sakssystem for kommunane i RNI sitt IKT-samarbeid, er det mål om at sekretariatet skal få på plass fullverdig arkiv- og sakshandsamingssystem som også gir tilgang til møtemodul og direkte publisering på nett.

5 Avsluttande kommentarar

Årsmeldinga for 2022 er utarbeida for å gje utfyllande informasjon til eigarar og styret om kontrollutvalssekretariatet sitt arbeid.

Sekretariatet etterstrevar å ha god dialog med ordførarar, kommunedirektør og andre kontaktpersonar i kommuneadministrasjonen, og dei revisjonsselskapa me arbeider med (Vestlandsrevisjon IKS og KPMG).

Sekretariatet vil takke for samarbeidet og god dialog med kontrollutval, kommunestyra, administrasjonane og revisjonane i året som er gått.

⁴ Jamfør [§ 6 i forskrift om kontrollutval og revisjon](#) skal desse ha innkalling til kontrollutvalet sine møte.

⁵ Ansvaret for arkivet skal ikkje liggja til kommunedirektøren fordi sekretariatsfunksjonen ikkje ligg under kommunedirektøren sitt myndeområde.

Fra: [Jimmy Pasali](#)
Til: [Trude Bruket](#)
Emne: Fwd: Habilitetsspørsmål, sak 21/4413-22/91810
Dato: torsdag 8. desember 2022 08:06:11

God morgen Trude

Fikk denne som kopi idag.
Til informasjon

Mvh
Jimmy pasali
Pasaligrafisk as
92458525

Videresendt melding:

Fra: kvalheim.thomas@gmail.com
Dato: 8. desember 2022 kl. 08:00:29 CET
Til: malin.h.knudsen@gmail.com, post@alver.kommune.no
Kopi: jimmy@pasaligrafisk.no, sara.sekkingstad@alver.kommune.no, Tone Margrethe Bærland Furustøl <tone.furustol@alver.kommune.no>, tove.mette.fyllingen@alver.kommune.no, anny.bastesen@alver.kommune.no
Emne: Habilitetsspørsmål, sak 21/4413-22/91810

Vi viser til deres referanse i sak 21/4413-22/91810.

Saken gjelder administrativt vedtak som igjen ble behandlet politisk 07.12.2022 av Utvalg for areal, plan og miljø.

Det vert vist til Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå pbl. §29-4 samt søknad om løyve for oppføring av 16 meter mur i nabogrensa - gbnr 322/111 Mjåtveit i sak 21/4413 og klage på avslag på søknad om fritak frå plankravet samt søknad om løyve til oppretting av ny grunneigedom - gbnr 322/111 Mjåtveit i sak 22/3672.

Under befaring ved 322/111 var kommunen representert med politikere og leder for utvalget (07.12.2022) var Anne Grete Eide. Helge Henanger var representant for grunneier og utbygger av 322/111.

Anne Grete Eide var naturlig aktiv under befaring da hun ledet møte, i tillegg var hun svært aktiv og vi mener avgjørende for å fremme forslag og nye vedtak i disse sakene. Viser til deres møte i Kvassnesvegen 40 og «bokmerke» 148/22 og 149/22.

Det var tydelig på befaringen at Eide hadde relasjoner og eller bånd til utbygger Helge Henanger.

Ved et enkelt søk finner vi deres representant og leder for Utvalget (07.12.2022) representert i næringslivet sammen med utbygger Helge Henanger.

Eide og Henanger driver i fellesskap firmaet Rock Partner AS, med org. nr. 991 884 203 hvor Eide er daglig leder med andel 50% og Henanger ved Farmer Holding 50 %. Selskapet driver i bransjen «Bygg- og anleggsleverandør, entreprenør».

Vi ber om en rask tilbakemelding på hvordan dere stiller dere til spørsmålet om habilitet i denne saken. Hvordan dette normalt meldes inn og hvorfor det ikke er tatt stilling til det i disse sakene.

Videre ønsker vi svar på deres rutiner i forbindelse med videre saksbehandling, gyldighet på nye vedtak og videre oppfølging.

Viser generelt til §41 i forvaltningsloven og kommuneloven: *En som er inhabil, må fratre ved behandlingen av saken. I forvaltningsloven § 6 første ledd heter det at en offentlig tjenestemann er inhabil «til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak». Dersom en inhabil har deltatt i forberedelsen av eller i avgjørelsen av en sak utgjør dette en saksbehandlingsfeil som kan medføre at det vedtak som er truffet er ugyldig.*

Boligutvikling Vest AS
Thomas Kvalheim



Alver kommune

Statusrapport etter interimsrevisjon 2022



Februar 2023

Agenda

Revisjonsteamet



Harald Sylta

Partner

T +47 40 63 96 66

Harald.sylta@kpmg.no



Rune Mydland

Senior Manager

T +47 40 63 97 26

Rune.mydland@kpmg.no

3-5

Virksomhets-
styring og intern
kontroll

6 - 11

Statusoppdatering
interimsrevisjon

12

Obligatorisk
kommunikasjon

13

Forenklet
etterlevels-
kontroll

KPMG Law

Trond Skjelbreid

Partner

T +47 40 63 96 25

Trond.skjelbreid@kpmg.no



Virksomhetsstyring – Nye krav i ISA 315



Kontrollmiljø

1. Forpliktelse til etiske verdier og integritet
2. Utøvelse det helhetlige oppfølgingsansvaret
3. Etablere strukturer, fullmakter og ansvar
4. Demonstrere forpliktelse til kompetanse
5. Vektlegger pålitelighet og etterprøvbarehet



Risikovurdering

6. Spesifikke, relevante mål for virksomheten
7. Identifiserer og analyserer risiko
8. Identifiserer og vurderer mislighetsrisiko
9. Identifiserer og analyserer vesentlige endringer



Kontrollaktiviteter

10. Definer områder for kontroll og design aktiviteter, med basis i risikovurderingen
11. Definer områder for kontroll og design i IT-systemer
12. Implementer gjennom policyer og prosedyrer



Informasjon og kommunikasjon

13. Sikrer tilgjengelig relevant informasjon
14. Intern kommunikasjon
15. Ekstern kommunikasjon



Monitorering og oppfølging

16. Gjennomfør løpende eller spesifikke gjennomganger av at internkontrollen fungerer
17. Evaluer og kommuniser avdekkede kontrollsvakheter til relevant nivå

Gjennom analyser av de selskaper som lykkes, så vet man at de kjennetegnes ved et godt kontrollmiljø, kontrollaktiviteter basert på en risikovurdering, kvalitet i styringsinformasjon og godte møteplasser samt strukturert oppfølging og monitorering for å påse en virksomhetsstyring. Iht ny ISA315 skal revisor gjennomgå virksomhetens overordnede internkontroll.

Strengere dokumentasjonskrav av kontrollmiljøet og IT-miljøet, og særlig knyttet opp mot prosesser og prosessrisiko som har hatt større fokus enn normalt i interimsrevisjon.

Ang kontrollmiljø generelt

Kommunen har formelle (og reelle) strukturer på plass ift fullmakter og rapportering. Vi har fokusert på vesentlige prosesser i forbindelse med finansiell rapportering.

Ang IT-systemer

Kommunen har svært mange IT-systemer som er direkte eller indirekte i interaksjon med økonomisystem. Revisor må vurdere kontroll og design på disse, og vi har fokusert på vesentlige systemer i forbindelse med finansiell rapportering.

Kilde: CoSo-modellen



ISA315.

Overordnet internkontroll



- Budsjettstyring/ fullmakter
- Innkjøpsstrategi
- Etiske verdier og integritet



- Kommunen har formelle strukturer for fullmaktsstyring og budsjettstyring.
- Det er få risikoer knyttet til faktiske regnskapstall – det er lite estimater eller usikre størrelser generelt i regnskapet. Risiko knyttes opp mot mislighetsrisikoer, budsjettavvik og årsaker til merforbruk.
- Gode rutiner for attestering og godkjenning. Kontroller ifm mva-terminer. Oppfølging og rapportering på prognoser for enheter. Etisk reglement som setter klare grenser.
- Kommunikasjon i tråd med kommuneloven (tertialrapportering og årsrapportering). Offentlig tilgjengelig rapportering.
- Oppfølging av prognoser mm sentralt i overvåkning.
- I tillegg har Alver kommune vedtatt nytt innkjøpsstrategi. Her er det klart definerte mål og føringer, og det er tydelig at kommunen har fokus på effektivitet, antikorrupsjon og bærekraftsmål (i tilfeldig rekkefølge)



ISA315.

IT-systemer



- Tilgangsstyring
- Endrings-
håndtering
- Drift




- IT-systemene er normal integrert i internkontrollen. Kommunen har svært mange system, og vi prioriterer de mest sentrale i forhold til finansiell rapportering
- IT leveres gjennom IKTNH. Det er på trappene en ny standardavtale mellom IKTNH og deltakerkommunene. Skal følge ISO27001/02 og ISO9000
- Tilgangsstyring
 - Hvem har tilgang til hva (lese, skrive, tilgang, manuelle posteringer, databaser, automatposteringer)
 - Hvem godkjenner tilganger eller kan gi tilganger
- Endringshåndtering
 - Programvareoppdateringer
- Drift
 - Back-up og restore
 - Datasikkerhet



Potensielle fokusområder:

- 1 Inntekter
- 2 Innkjøp, ink investeringer
- 3 Lønn og pensjoner
- 4 Finansområdet
- 5 MVA-kompensasjon





1.

Inntekter

Risiko for feil og misligheter knyttet til inntekter



Risiko

- Overføringer og tilskudd.
- Fakturering for tjenester.



Revisjonstilnærming

- Avstemming mot eksterne ✓
- Statistisk utvalg av ikke-avstembare inntekter hvor underlagsdokumentasjon vurderes i forhold til inntektsføring og eventuelle bindinger. ✗
- Kontrolltest av beregninger mot grunnlag. ✓
- Analyser og vurderinger opp mot forventninger – fra budsjett og tidligere år osv. ✗
- I vurderingen inngår også kundefordringer og eventuelle krediteringer. ✗



2.

Innkjøp og investeringer

Risiko for feil og misligheter knyttet til innkjøp



Risiko

- Investeringer
- Budsjett



Revisjonstilnærming

- Gjennomgang av transaksjonflyt og vurdere internkontrollen herunder tilgangskontroller og arbeidsdeling i økonomisystemet. ✓
- Kontrolltest av attestasjon og anvisningsrutiner. ✓
- Analyser og vurdering opp mot forventninger – fra budsjett og tidligere år osv. ✗
- Nærmere vurdering av investeringsprosjekter mot gkrs. ✗
- Sjekke budsjettvedtak og oppfølging av vesentlige budsjettavvik (årsmelding) → *delvis*



3.

Lønn

Risiko for feil og misligheter knyttet til lønn



Risiko

- Omdømme
- Lønn



Revisjonstilnærming

- Test av rutiner og kontroller på lønnskantoret. → *delvis*
 - Reiseregninger
 - Overtid
 - Inn/utmeldinger
 - Naturalytelser
 - Mv
- Gjennomgang av kommunens avstemminger knyttet til lønnsutbetalinger, sykkelønnsrefusjoner og annen godtgjørelse. → *delvis*
- Analyser og vurderinger opp mot forventninger – fra budsjett, lønnsutvikling i kommunal sektor osv. ✘



Fra revisjonsplan

4.

Finansområdet

Risiko med likviditet, plassering og låneopptak



Risiko

- Låneopptak i strid med kommunelovens §14
- Ev lånebetingelser.
- Manglende arbeidsdeling mellom bank og regnskapsføring, enfullmakter osv gir muligheter.
- Etterlevelse av finansreglementet.



Revisjonstilnærming

- Gjennomgang av vedtak i forbindelse med låneopptak → *delvis*
- Vurdering av formalia, jf gjennomgang av investeringer.
- Kontroll av låneportefølje mot finansreglement. ✘
- Kontroll av plasseringer mot finansreglement. ✘
- Kontroll av tilganger og ev innhente bankengasjementsoppgaver. ✓
- Kontroll av bankavstemminger. ✓



Fra revisjonsplan

5.

MVA-kompensasjon Risiko for feilbehandling – kan medføre tilbakebetaling og tilleggsavgift



Risiko

- Komplisert regelverk
- Spesielt i kommuner som forholder seg til “alle typer” mva
- Krav om tilbakebetaling
- Risiko for foreldelse



Revisjonstilnærming

- Attesting og kontroll av mva-kompensasjon hver termin ✓
- Kontroll av investeringer i forhold til bruk i kompensasjonsberettiget virksomhet ✓



Obligatorisk kommunikasjon

Ledelsens ansvar	<p>Kommunedirektøren (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for informasjonen i årsberetningen og øvrig informasjon i årsrapporten.</p> <p>Ledelsen er ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.</p> <p>Kommunen kan ikke gå konkurs og fortsatt drift-forutsetningen ligger til grunn for vurderinger av regnskapsposter. Blant annet i forhold til vurdering av driftsmidler.</p> <p>Ledelsen og andre ansatte i kommunen skal gi revisor adgang til å foreta de undersøkelser revisor finner nødvendig, og gi revisor adgang til de opplysninger revisor krever for utførelsen av revisjonen.</p>
Revisors oppgaver og plikter – årsregnskapet	<p>Revisor skal vurdere om årsregnskapet er utarbeidet i samsvar med gjeldende lovkrav. Revisor er ansvarlig for å utforme og gi uttrykk for en mening om årsregnskapet som er utarbeidet av ledelsen. Revisjonen av årsregnskapet fritar ikke ledelsen for deres ansvar.</p> <p>Revisor skal utføre revisjonen med profesjonell skepsis, herunder være oppmerksom på muligheten for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet som skyldes misligheter eller utilsiktede feil.</p>
Revisors oppgaver og plikter – misligheter	<p>Formålet med lovfestet revisjon er å skape tillit til at årsregnskapet oppfyller gjeldende lovkrav og ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, og ved dette blant annet bidra til å forebygge og avdekke økonomisk kriminalitet.</p> <p>Revisor skal vurdere risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet som skyldes misligheter, og skal innhente revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig for å håndtere eventuelle identifiserte mislighetsrisikoer. Revisor skal kommunisere avdekkede misligheter og forhold som kan tyde på misligheter til selskapets ledelse.</p>
Revisors oppgaver og plikter – øvrig informasjon	<p>Revisor skal vurdere om årsberetningen (inkludert andre redegjørelser som inngår i årsberetningen) inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav. Revisor leser også gjennom årsberetningen for å vurdere om den er konsistent med årsregnskapet, og om revisor, basert på kunnskapen opparbeidet gjennom revisjonen av årsregnskapet, har avdekket vesentlig feilinformasjon i årsberetningen mv.</p> <p>Dersom revisor konkluderer med at årsberetningen inneholder vesentlig feilinformasjon, er revisor pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen.</p>
Revisors skriftlige kommunikasjon	<p>Revisor plikter å kommunisere skriftlig til kommunedirektøren og kontrollutvalget om alle forhold som er fremkommet ved revisjonen og som ledelsen/kontrollutvalget bør være kjent med for å ivareta sine oppgaver og plikter, herunder vesentlige mangler i foretakets interne kontroll, brudd på bokføringsreglene og andre lovkrav og avdekkede misligheter.</p> <p>Kommunikasjonen skal nummereres og det skal angis hva forholdet gjelder og hvilke konsekvenser det vil ha for revisjonen hvis forholdet ikke følges opp. Når det er relevant, angis en klar frist for å rette opp i forholdet.</p> <p>Den skriftlige nummererte kommunikasjonen skal behandles av kontrollutvalget og revisor plikter å følge opp at dette er gjort.</p>

Forenklet etterlevelseskontroll



ISA315.

Overordnet internkontroll



- Gjennomført innledende forespørsel og undersøkelser i forbindelse med interimrevisjon



- Vi har mottatt etterspurt data
- Ikke fått sammenstilt og konkludert pt.
- Noe av forklaringen til høyt forbruk ser ut til å ligge i Covid-19-tillegg.
- Endelig rapport ferdigstilles i forbindelse med årsoppgjørrevisjon


KPMG





Årsmelding 2022

Alver kontrollutval



Innhald

1	Innleiing	3
2	Rammer for kontrollutvalet sitt arbeid	3
2.1	Reglement	5
3	Økonomi	5
3.1	Rekneskap kontroll og revisjon Alver kommune 2022	6
3.1.1	Rekneskap/prognose kostnader gransking 2022	6
4	Samansetjing av kontrollutvalet	7
5	Sekretariat	7
6	Revisjon	8
7	Aktiviteten i kontrollutvalet i 2022	8
8	Kontrollutvalet sine hovudoppgåver i 2022	9
8.1	Rekneskapsrevisjon	9
8.1.1	Årsrekneskap og årsmelding 2021 – kontrollutvalet sin uttale	9
8.1.2	Forenkla etterlevingskontroll med økonomiområdet 2021	9
8.1.3	Andre saker knytt til rekneskapen – «sjå-til-ansvaret»	9
8.2	Forvaltningsrevisjon	10
8.2.1	Forvaltningsrevisjon om økonomistyring	11
8.2.2	Forvaltningsrevisjon om beredskap og kommunen si covid-19-handtering	12
8.2.3	Forvaltningsrevisjon av barnevernet	12
8.2.4	Plan for forvaltningsrevisjon – endringar etter kommunestyret sine bestillingar	12
8.2.5	Oppfølging av vedtak etter revisjonsrapport om opplæringslova § 9A i Alver kommune i 2021	13
8.3	Eigarskapskontroll	13
8.4	Gransking	14
8.5	Orientering og andre saker	16
8.5.1	Orientering frå komunedirektøren/administrasjonen	16
8.5.2	Andre saker frå sekretariatet	17
8.5.3	Henvendingar	17
9	Opplæring, kurs og utviklingsarbeid	18
10	Avsluttande kommentar	19

1 Innleiing

I følgje kommunelova § 23 - 5 skal «kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret.» Kontrollutvalet gjer dette jamt gjennom året ved å sende over saker som skal til handsaming i kommunestyret og legg fram møteprotokollar som melding i kommunestyremøta.

Kontrollutvalet si årsmelding er utarbeidd som ei samla tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta og handsama i 2022.

Årsmeldinga skal også gi eit bilde av utvalet si formelle rolle, instruks, forholdet til revisjonen og sekretariatet.

2 Rammer for kontrollutvalet sitt arbeid

Kommunestyret har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal føre løpande kontroll med kommunen si verksemd på kommunestyret sine vegner.

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Ansvaret til kontrollutvalet følger av kommunelova §23-2 første ledd:

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) *kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) *det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
- c) *det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i*
- d) *det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*
- e) *vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp»*

Kommunens egenkontroll



Kontrollutvalet utøver ei rolle i kommunen sin samla egenkontroll. Illustrasjon: Regjeringen.no

2.1 Reglement

Kommunelova § 5-13 bestemmer at alle folkevalde organ skal ha eit reglement. Alver kommunestyre har vedteke [Politisk styringsstruktur og reglement](#) for perioden 17.10.2019 og oppdatert dette 26.11.2020. Dette inneheld følgande kortfatta reglement for kontrollutvalet:

Utvalet har normalt møta frå kl. 12:00.

Val og samansetjing

Utvalet skal ha 7 medlemmer med varamedlemmer, av desse skal 1 veljast frå kommunestyret. Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

Då det er klare avgrensingar for kven som kan veljast til kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-1, skal dette utvalet veljast tidleg i valprosessen, dvs. etter formannskapet, men før dei andre faste utvala.

Arbeids- og ansvarsområde

Utvalet skal, så langt det er relevant, fylgja dei retningslinene som gjeld for kommunestyret, jf. reglement for kommunestyret.

Kontrollutvalet førar løpande kontroll med den kommunale verksemda på kommunestyret sine vegne, jf. kommunelova § 23-1.

Kontrollutvalet sitt ansvar, oppgåver, og ramar følgjer av kommuneloven kap. 23.

Kontrollutvalet skal rapportere resultatata av sitt arbeid til kommunestyret.

På eige initiativ inviterte kontrollutvalet i sak 35/22 ordførar til å orientera og delta i drøfting om hensiktsmessig gjennomføring av kontrollutvalsmøta i høve strøyming og tilgjengeleggjing av kontrollutvalsmøta på kommune-TV. Kontrollutvalet sitt vedtak vart vidareformidla til kommunestyret, som då var i slutfasen av revidering av reglement for politiske utval, gjeldande frå oktober 2023.

3 Økonomi

For å utøve funksjonen sin på ein god måte ber kontrollutvalet kommunestyret om økonomiske rammer som gjer den naudsynte aktiviteten for å oppfylla kontrollutvalet sitt mandat mogleg. Kontrollutvalet er etter Forskrift om kontrollutval og revisjon pålagt å utarbeide budsjettforslag for kontrollarbeidet i kommunen.

Kontrollutvalet vedtok framlegg til budsjett for kontrollutvalsarbeidet 2023 i sak 27/22, og sendte dette over til kommunestyret som skal ha dette med seg i si budsjetthandsaming.

3.1 Rekneskap kontroll og revisjon Alver kommune 2022

Alver kontroll og revisjon	Rekneskap 2022	Vedteke budsjett 2022	Kontrollutval et sitt framlegg til budsjett 2022	Rekneskap 2021
Gransking personalsaker Lindås 2019*	kr 1 019 128	kr 1 000 000	kr 0	kr 0
Revisjonstenester	kr 886 793	kr 1 515 000	kr 1 200 000	kr 853 750
Andre tenester	kr 0	kr 86 000		kr 0
Sekretariat	kr 198 000	kr 198 000	kr 194 000	kr 186 222
Godtgjersle leiar, medlemmer, vara	kr 416 000	kr 0	kr 180 000	kr 86 982
Diverse møteutgifter	kr 31 000	kr 0	kr 50 000	kr 2 170
Kontigenter (FKT/faglit.)	kr 13 000	kr 2 000	kr 16 000	kr 12 000
Opplæring kontrollutvalet	kr 64 000	kr 5 000	kr 160 000	kr 14 889
IKT-utstyr+kommune-TV	kr 1 000			kr 12 232
Buffer (diverse)	kr 0	kr 3 000	kr 400 000	
Totalt	kr 2 628 921	kr 2 809 000	kr 2 200 000	kr 1 168 245

Merk: Tala for 2022 er oppgitt før rekneskapen er endeleg ferdigstilt. Rekneskapstalet for den samla kontrollverksemda i kommunen kjem elles fram av kommunen sin samla årsrekneskap for 2022.

*Den totale summen for kostnader knytt til granskinga inneheld ein kostnad på kr 50 000,- til førundersøking/juridisk bistand til utarbeiding av mandatet og altså knytt til arbeid før kommunestyret si handsaming, der dei løyvde 1 million kroner til granskinga (sak 035/22). Førundersøkinga skal ikkje reknast inn i summen løyvd frå kommunestyret, men er knytt til granskinga, og viser difor slik i rekneskapen.

3.1.1 Rekneskap/prognose kostnader gransking 2022

I 2022 har granskinga av to personalsaker i Lindås tilbake i 2019 vore eit stort arbeid, både tidsmessig og kostnadmessig. Alver kommunestyre løyvde i sak 035/22 inntil 1 million kroner til granskinga. Kostnadane til gransking er inkludert i rekneskapen over. Her viser ei detaljering av kostnadane som er knytt til granskinga:

Reknesap/prognose kostnader gransking 2022	Kostnader	Kommentar:
Forundersøking/juridisk hjelp til mandat	50 000	Harris advokatfirma*
Gjennomføring av offentlege innkjøpsprosessar juridiske tenester (innkjøpskon	125 636	Kostander betalt til Odin AS for bistand til gjennomføring av offentlig innkjøp
Granskingsutval fakturert i 2022	697 250	SANDS advokatfirma
Granskingsutval prognose (fakturert i 2023)	20 000	Knytt til handsaming i kommunestyret
Bistand til berørte i samband med intervju	96 242	CMS Kluge advokatfirma
Ekstra timar sekretariat	50 000	Fakturert des. 2022.
Sum rekneskap/prognose per januar 2022	1 039 128	Inkludert førundersøking.*

* Merk: Rekneskapen inkluderer kr. 50 000,- til førundersøking/juridisk bistand til mandat. Denne kostnaden vart vedteken av kontrollutvalet i 2021, og skal gå på uføresett kontroll, og er ikkje ein del av kommunestyrevedtak/løyving av 1 mill til sjølve granskinga.

4 Samansetjing av kontrollutvalet

Krav til sjølvstende og nøytralitet i kontrollutvalet sitt arbeid fører til at medlemmane i utvalet ikkje kan ha verv som kan komme i konflikt med arbeidet i kontrollutvalet. Difor er det strenge krav for å vere valbar for medlemmane av kontrollutvalet jf. kommunelova §23-1 tredje ledd.

Kontrollutvalet 2019 – 2023 er sett saman av desse medlemmene:

Medlem	Vara
Jimmy Pasali (leiar) Harald Breivik (nestleiar)	1. Erlend Nævdal 2. Ture Andersen 3. Kolbjørn Lunga 4. Randi Wenche Dømbe
Solbjørg Åmdal Sandvik	1. Kjersti Haugland 2. Trond Torvund 3. Håkon Reigstad
Margrethe Aven Storheim	1. Are Nygård 2. Liv Berit Rath 3. Vivian Sande
Rolf Sandstad	1. Sissel Bjørke 2. Berit Dale Øgaard 3. Erling Rønnestad
Karolina Vakt skjold	1. Rebekka Duesund Fjeldsbø 2. Karl Vågstøl 3. Ragnar Bratland
Arild Tveranger	1. Dag Erik Hagesæter 2. Oddvar Øvreås 3. Svanaug Sandvik

5 Sekretariat

Kommunelova § 23-7 omhandlar sekretariatsfunksjonen til kontrollutvalet. Sekretariatet skal sjå til at sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk. Sekretariatet skal vere uavhengig av kommunen sin administrasjon og av dei som utfører revisjon for kommunen. Den som utfører sekretariatsoppgåver for kontrollutvalet er direkte underordna kontrollutvalet og skal følgje dei retningslinene og påleggja utvalet gir.

Kommunen er medeigar i Region Nordhordland IKS (RNI), som har sekretariatsfunksjon for Osterøy kontrollutval. Kostnadane for sekretariatet sine tenester vert fordelte etter eigen fordelingsnøkkel. Arbeidsstad for sekretariatet er i RNI sine lokale i Knarvik, Alver.

RNI tek i vare sekretariatsoppgåvene for kontrollutvala i seks av eigarkommunane. I inneverande valperiode har selskapet også avtale med Voss herad om sekretariatsfunksjon for Voss kontrollutval. Sekretariatsfunksjonen har til og med 2022 vore rekna til 0,6 årsverk for alle utvala til saman. Tidsbruken har vore nærare eit fullt årsverk. Frå 2023 vert ressursen utvida til å tilsvare ca. eit fullt årsverk, hovudsakleg fordelt på to tilsette.

Sekretariatet er medlem av NKRF (ein fagleg interesseorganisasjon og eit kompetanseorgan for kontroll og revisjon av kommunal/offentleg verksemd) og Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Tilsette knytt til sekretariatet deltek jamleg på aktuelle kurs og konferansar.

Trude Bruket har vore fast utvalssekretær for kommunen i frå og med andre møte i 2022, då tidlegare kontrollutvalssekretær gjekk over i ei anna stilling. Arbeid knytt til Alver kontrollutval har teke om lag 420 timar i 2022. Arbeidet inkluderer 1/7 av arbeidet som er generelt arbeid knytt til alle kontrollutvala, som kurs, utviklingsarbeid og felles planlegging.

6 Revisjon

Gjennomføring av tilsyns- og kontrolloppgåvene som ligg til kontrollutvalet sitt ansvar vert hovudsakeleg utført av revisjonen. Kapittel 24 i kommunelova omhandlar revisjon. Revisor skal utføre rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og annan kontroll som er lovbestemt eller bestemt med heimel i lova.

Kommunestyret avgjer om kommunen skal tilsetje eigne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid eller inngå avtale med annan revisor. Frå 01.01.2020 har Alver kommune avtale med KPMG om revisjonstenester for kommunen, inkludert rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Avtalen gjeld for 3 år med opsjon.

Revisjonsteamet har kontor i Bergen og Knarvik. Harald Sylta er oppdragsansvarleg revisor for både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

KPMG er representerte i Norges Interne Revisorers Forening og Den norske Revisorforening. Revisjonsselskapet har eit internt, nasjonalt samarbeid innanfor kommunal sektor der alle sentrale medarbeidarar deltar for deling av kunnskap og erfaringar.

7 Aktiviteten i kontrollutvalet i 2022

Alver kontrollutval har hatt ni møte i 2022 og handsama 51 saker (82 saker inklusive formaliasaker og meldingssaker). Aktiviteten har vore høg i 2022. I møteplanen vedteken i sakene 66/21 og 09/22 var det lagt opp til seks møte i 2022. Hausten 2022 sette Alver kontrollutval opp tre ekstra møte. Hovudsakleg var dette på grunn av arbeidet med ei større granskingssak, men kommunestyret bestilte også to forvaltningsrevisjonar som ikkje sto på plan for forvaltningsrevisjon, noko som medførte meirarbeid for kontrollutvalet og sekretariatet.

To møte har vore digitale, eitt var i RNH (Helsehuset) og seks møte har vore haldne i formannskapssalen/kantina i kommunehuset på Frekhaug.

Ordførar, kommunedirektør og andre frå administrasjonen har delteke i fleire av møta for å orientera i ulike saker som er handsama gjennom året. Revisjonen, i form av utførande revisorar for rekneskapsrevisjon eller forvaltningsrevisjon (eller både), har delteke i dei fleste møta i 2022.

Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet, og skal få innkalling til alle møte, jamfør § 6 i Forskrift om kontrollutval og revisjon.

8 Kontrollutvalet sine hovudoppgåver i 2022

8.1 Rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

I 2022 handsama kontrollutvalet følgjande saker knytt til kommunen sin rekneskap:

8.1.1 Årsrekneskap og årsmelding 2021 – kontrollutvalet sin uttale

I møtet 02.06.2022, sak 25/22 handsama kontrollutvalet kommunen sitt rekneskap og kommunen si årsmelding for 2021 og vedtok ein uttale til desse som vart sendt til kommunestyret før formannskapet handsama saka. I same møte, sak 24/22 fekk kontrollutvalet orientering frå revisor i saka «Oppsummering revisjon 2021 med revisjonsmelding.» Revisor ynskte at denne saka vart handsama som ei separat sak, sjølv om den er knytt til årsrekneskapen og årsmeldinga, og er eit viktig grunnlagsdokument for kontrollutvalet sin uttale om desse.

Kontrollutvalet sin uttale om årsrekneskapen og årsmeldinga er ei er forskriftsfesta oppgåve, jamfør § 3, tredje ledd, i Forskrift om kontrollutval og revisjon.

8.1.2 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiområdet 2021

Det går fram av kommunelova § 24-9 at revisor er pålagt å gjennomføre forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga. Kontrollutvalet skal bli orientert om risikovurderinga og resultatet av kontrollen.

I 2022 handsama kontrollutvalet følgjande saker knytt til forenkla etterlevingskontroll:

- Sak 40/22: Forenkla etterlevingskontroll for økonomiåret 2021 med fokus på kommunelova § 15-1 og forskrift om avrekning av samla sjølvkost for kommunale gebyr på områda vatn og avløp.
- Sak 74/22: Risikovurderinga for etterlevingskontrollen for 2022, som skal gjennomførast i 2023.

8.1.3 Andre saker knytt til rekneskapen – «sjå-til-ansvaret»

Kontrollutvalet har, j.f. kommunelova § 23-2, eit «sjå-til-ansvar» ovanfor 1) om rekneskapen vert forsvarleg revidert, og 2) om den økonomiske forvaltninga føregår i samsvar med gjeldande bestemmelsar og vedtak. For å utøve dette «sjå-til-ansvaret» har kontrollutvalet hatt følgjande andre saker knytt til rekneskapen oppe i 2022:

Frå revisor:

- Overordna revisjonsplan 2022 (sak 50/22)
- Stadfesting av revisor si uavhengigheit (sak 51/22)

Frå kommunedirektøren/administrasjonen:

- Orientering om status for årsrekneskapen 2021 med informasjon om måltal i andre møte i 2022 (sak 16/22)

8.2 Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er ei av dei lovpålagte oppgåvene til kontrollutvalet (kommunelova § 23-3), og kontrollutvalet sitt hovudverktøy for å utføra systematiske vurderingar av om kommunen etterlever regelverk, oppnår fastsette mål, og om ressursane vert effektivt forvalta.

Minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter kommunesstyret er konstituert, skal det utarbeidast ein plan over kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar innan. Planen skal baserast på risiko- og vesentlegvurderingar av kommunen si verksemd.

Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Plan for forvaltningsrevisjon

I sak 113/20 gjorde kommunestyret følgjande vedtak:

Kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 med følgjande endring:

Prioritet 6 (Økonomisk bærekraft og økonomistyring) blir endra til prioritet nummer 2. Dei øvrige prioriteringane blir endra som konsekvens av dette.

1. Oppvekst og tidleg innsats
2. Økonomisk bærekraft og økonomistyring
3. Innkjøp (inkludert sosial dumping)
4. Beredskap; hendingar og katastrofar
5. Personvern og informasjonstryggleik
6. Habilitet

Kommunestyret ønskjer at forvaltningsrevisjonen innan oppvekst og tidleg innsats m.a. skal ha fokus på korleis opplæringslova § 9 A og arbeidsmiljølova knytt til dette området blir praktisert i Alver-skulen.

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-3.

I 2022 har kontrollutvalet følgd opp plan for forvaltningsrevisjon gjennom ei rekkje saker.

8.2.1 Forvaltningsrevisjon om økonomistyring

Kontrollutvalet har fulgt opp prioritet 2 i den vedtekne planen for forvaltningsrevisjon gjennom bestillingsprosess og slutthandsaming av forvaltningsrevisjonsrapport om økonomistyring i Alver kommune i følgende saker i 2022:

04/22 «Oppfølging av plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024: Orientering om økonomistyring og økonomisk berekraft i Alver kommune.»

Janne Sund, kommunalsjef økonomi, orienterte om økonomistyring og økonomisk berekraft og forvaltningsrevisorane Bjørg Rabbe Sandven og Sindre Rødne Dueland (KPMG) orienterte om temaet med utgangspunkt i risiko- og vesentlegvurderinga. Kontrollutvalet drøfta problemstillingar og ynskt innhald i ein revisjon med dette temaet, og bestilte ei prosjektskisse med forslag til problemstillingar, framdriftsplan og timeestimat frå revisor KPMG.

17/22 Plan for forvaltningsrevisjonsprosjekt «økonomistyring og økonomisk berekraft»

Forvaltningsrevisor Sindre Rødne Dueland frå KPMG presenterte den oversendte prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjekt om økonomistyring i Alver kommune, og kontrollutvalet vedtok planen slik den låg føre.

48/22 Kort statusorientering: forvaltningsrevisjon «økonomistyring i Alver kommune»

72/22: Rapport: Forvaltningsrevisjon «økonomistyring i Alver kommune»

Rapporten vart handsama i kontrollutvalet og sendt over til kommunestyret med følgende vedtak:

1. *Kontrollutvalet har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Strategisk økonomistyring - Alver kommune,» datert oktober 2022, og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.*
2. *Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og gjev innstilling til kommunestyret om å be kommunedirektøren om:*
 - a) *å innføre ein prosess for å få innspel frå avdelings- og tenesteleiarar om moglege utfordringar i høve system og rutinar.*
 - b) *å gjennomføre ei arbeidsmiljøundersøking blant mellomleiarane i kommunen med særleg omsyn på opplevd arbeidspress.*
 - c) *å tilby mellomleiarane auka støtte og opplæring i økonomifunksjonen*
 - d) *å gjennomgå rutinane for synleggjering av driftskonsekvensar i investeringsvedtak med sikte på å tydeleggjere konsekvensane endå betre.*
 - e) *å innfør detaljerte krav om KVU, KS1 og KS2 med forskjellig innslagspunkt i større prosjekt.*
3. *Kontrollutvalet ber om å få ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan tredje kvartal 2023.*

8.2.2 Forvaltningsrevisjon om beredskap og kommunen si covid-19-handtering

Kontrollutvalet følgde opp kommunestyret sitt vedtak i sak 072/22 gjennom å handsama følgande saker knytt til kommunestyret si bestilling:

49/22 Evaluering av kommunen si covid-19-handtering

I møtet 26. september 2022 drøfta kontrollutvalet kommunestyret si bestilling. Med bakgrunn i denne og prioritet nummer fire i plan for forvaltningsrevisjon, bestilte kontrollutvalet framlegg til ein prosjektplan for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema «Alver kommune si handtering av koronapandemien (Covid-19).» Kontrollutvalet ynskja at revisjonen skulle ha eit breiare blick på beredskap, med omsyn til å vera nyttig for utviklingsarbeid.

62/22 Prosjektplan: forvaltningsrevisjon av beredskap og kommunen si covid-19-handtering

Prosjektplanen «Forvaltningsrevisjon av beredskap mv.» vart handsama i møtet 31. oktober, og kontrollutvalet vedtok den slik den låg føre frå KPMG, datert 17. oktober 2022. Rapporten er venta ferdig til handsaming i juni 2023.

8.2.3 Forvaltningsrevisjon av barnevernet

Kontrollutvalet følgde hausten 2022 opp kommunestyret si bestilling til kontrollutvalet (kommunestyrevedtak i sak 107/22) om å utarbeida mandat for, og bestilling av, forvaltningsrevisjon av barnevernet gjennom å handsama desse sakene:

63/22 Orientering: Korleis Alver føl opp barnevernsreforma

I møtet 31.10.2022 orienterte tenesteleiar for barnevernet, Sissel Mary Frotjold om overordna organisering av barnevernet med fokus på ansvar og system, samt korleis kommunen føl opp oppvekstreforma (barnevernsreforma).

I same møte handsama kontrollutvalet sak **64/22 Forvaltningsrevisjon barnevern – mandat etter vedtak i sak 107/22 Innbyggjarframlegg til kommunestyret**. Bestillinga var at «*Forvaltningsrevisjonen bør ha fokus på hjelpetiltak/tidleg innsats, akuttvedtak, tilbakeføringsplanar og rutinar og handtering av bekymringsmeldingar.*»

I møtet 21. november handsama kontrollutvalet sak **73/22: Prosjektplan: Forvaltningsrevisjon barnevern** og godkjente prosjektplanen slik den låg føre frå KPMG, datert 8. november 2022. Kontrollutvalet ba om at rapporten vert klar for handsaming innan utgangen av september 2023.

8.2.4 Plan for forvaltningsrevisjon – endringar etter kommunestyret sine bestillingar

I møtet 31.10.2022 følgde kontrollutvalet opp plan for forvaltningsrevisjon for inneverande periode med bakgrunn i at kommunestyret i 2022 hadde sendt over to bestillingar av forvaltningsrevisjonar som ikkje sto i planen (kommunestyresakene 072/22 og 107/22). Kontrollutvalet gjorde følgande vedtak (sak 65/22):

Kontrollutvalet har handsama plan for forvaltningsrevisjon med bakgrunn i at det er kome bestillingar på andre forvaltningsrevisjonsprosjekt frå kommunestyret.

Kontrollutvalet føl opp bestillingane frå kommunestyret, og tilpassar plan for forvaltningsrevisjon med omsyn til dette.

I inneverande kommunestyreperiode vil då følgande forvaltningsrevisjonsprosjekt vera gjennomførde.

1. Opplæringslova § 9A (Oppvekst og tidleg innsats) - gjennomført
2. Økonomistyring (Økonomisk bærekraft og økonomistyring) – i slutfasen
3. Beredskap og covid-19-handteringa - påbegynt
4. Barnevern - bestillingsfasen

Kontrollutvalet sender utskrift av saka som orientering til kommunestyret.

8.2.5 Oppfølging av vedtak etter revisjonsrapport om opplæringslova § 9A i Alver kommune i 2021

Kontrollutvalet fekk ei skriftleg tilbakerapportering om korleis punkt i revisjonsrapport om opplæringslova § 9A i Alver kommune er følgt opp. Tilbakerapporteringa vart handsama som meldingssak (sak 14/22) 14. mars 2022.

8.3 Eigarskapskontroll

Kontrollutvalet er også pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll i kvar periode.

Plan for eigarskapskontroll vart handsama med følgande vedtak i kommunestyret i sak 137/20:

Kommunestyret vedtek plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 slik den kjem fram av oppdatert plan med følgjande område

• prioritert:

1. Generell eigarstyring

• uprioritert:

- Næringsutvikling
- Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-4.

Det vart ikkje gjennomført eigarskapskontroll i 2022. I sak 71/22 fekk kontrollutvalet melding om at eigarskapskontrollen «Generell eigarstyring» som vart handsama av kontrollutvalet i sak 61/21 vert følgd opp av formannskapet gjennom handsaming av eigarskapsmelding.

8.4 Gransking

I 2022 har ei gransking av sakshandsaminga i to personalsaker ved Knarvik ungdomsskule i Lindås kommune i 2019 teke mykje tid og ressursar. Saka kom opp med bakgrunn i ei henvending/brev i april 2021, og det vart i løpet av 2021 handsama saker som gjaldt om, og korleis, kontrollutvalet skulle handsama saka vidare. Granskinga som har vorte gjennomført i 2022 er altså ei oppfølging av sakene 63/21, 47/21, 35/21, 27/21 og 13/21.

I 2022 har mandat for granskinga vorte uarbeidd, granskinga har vorte gjennomført av eit uavhengig granskingsutval og sluttrapport har vorte handsama i kontrollutvalet og sendt vidare til kommunestyret.

Under viser ei oversikt over dei sakene kontrollutvalet har handsama knytt til granskinga i løpet av 2022:

05/22 Val av leverandør til mindre undersøking som grunnlag for eventuelt vidare prosess med utarbeiding av oppdrag om gransking

Basert på arbeidet med saka i 2021 hadde kontrollutvalet lyst ut eit oppdrag om ei førundersøking. Val av leverandør til denne vart handsama i første kontrollutvalsmøtet i 2022, 17.1.2022. Vedtaket i saka var:

Harris Advokatfirma AS får oppdraget med å gjennomføre ei mindre undersøking innafor ei kostnadsramme på kr. 50 000,-. Undersøkinga skal avklare tilrådde problemstillingar og estimere rammer og omfang av vidare undersøkingar.

Harris Advokatfirma AS gjennomfører oppdraget som beskrive i tilbod datert 5. januar 2021.

Kontrollutvalet ber også advokatfirmaet gi råd om den vidare prosessen vedrørende granskinga, basert på dei funna dei gjer i denne mindre undersøkinga.

I det neste møtet, 14.3.2022 handsama kontrollutvalet mandatet som var eit resultat av førundersøkinga:

15/22 Gransking Alver kommune – anbefalt mandat og gjennomføring

Kontrollutvalet gjorde følgende vedtak som vart oversendt til kommunestyret:

Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret at kommunestyret løyver inntil 1 million kroner til gransking av sakene spelt inn i brev til Alver kontrollutval datert 11.04.2021.

Gjennomføring av granskinga inneber at kontrollutvalet er ansvarlege for heile granskingsprosessen, inkludert utforming av konkurransegrunnlag for offentleg innkjøp av granskingskompetanse.

Kontrollutvalet innstiller til at kommunestyret ber kommunedirektøren gi naudsynt innkjøpsteknisk og innkjøpsfagleg bistand til kontrollutvalssekretariatet i samband med gjennomføring av eit offentleg innkjøp av rett kompetanse for å gjennomføre granskinga.

Det vert lagt til grunn at granskinga ikkje kan gjennomførast av ein person åleine, men av eit granskingsutval.

Basert på gjennomført forundersøking gjort av Advokatfirmaet Harris AS vedtek kontrollutvalet følgende mandat for den vidare granskinga:

- 1. Granskingsutvalet skal granske sakshandsaminga i to personalsaker ved Knarvik ungdomsskule, identifisert som sak 19/651 og 19/1999, i Lindås kommune i 2019.*
- 2. Føremålet med granskinga er å kartlegge faktiske forhold for å vurdere om sakshandsaminga har vore i samsvar med lovpålagte krav og etiske retningslinjer. Vurderinga skal særskilt sjåast i lys av regelverket i opplæringslova, forvaltningslovgjevinga og arbeidsmiljølova, samt dei etiske retningslinjene for Lindås kommune på det gjeldande tidspunktet.*

3. *Granskingsutvalet avgjer sjølv kven som bør gje forklaring.*
4. *Granskingsutvalet sine møter og si informasjonsinnhenting er ikkje open for ålmenta.*
5. *Granskinga skal så langt det passar gjennomførast i samsvar med Advokatforeningens anbefaling for private granskinger.*
6. *Dersom det oppstår spørsmål om utstrekninga av mandatet eller omfanget av granskinga under arbeidet skal granskingsutvalet konferere med kontrollutvalet. Granskingsutvalet er elles uavhengig i sitt arbeid.*
7. *Kontrollutvalget sitt sekretariat bistår granskingsutvalet med naudsynt administrativ støtte.*
8. *Granskingsutvalet sin rapport skal leverast til kontrollutvalet i Alver kommune innan 01.11.2022.*
9. *Granskingsutvalet si godtgjersle vert dekkja av Alver kommune. Det same gjeld granskingsutvalet sine utgifter og andre utgifter i samband med granskinga, som assistanse frå kommunen sin leverandør av innkjøpskompetanse, kostnader til ekstra timar sekretariatsarbeid, eventuelle kostnader til bistand til partar som vert granska og eventuelle utgifter i samband med intervju og så vidare.*

Kommunestyret vedtok mandatet og ei ramme på 1 million kroner i sak 035/22 den 7. april 2022.

Kontrollutvalssekretariatet fekk hjelp til kvalitetssikring av offentlege innkjøp av juridiske tenester gjennom Alver kommune sin rammeavtale med Odin prosjekt AS. Dei bisto med kvalitetssikring av konkurransegrunnlaget som kontrollutvalet følgde opp i møtet 2. mai gjennom saka:

26/22 Konkurransegrunnlag og utlysing av granskingsoppdrag

Kontrollutvalet vedtok her konkurransegrunnlaget, og eit utval leverandørar med god kompetanse vart inviterte til å gje tilbod gjennom ein offentlig anbudsprosess.

Saka vart følgd opp i møtet 13. juni:

37/22 Gransking Alver kommune – val av leverandør juridiske tenester/granskingsoppdrag

Tre tilbod kom inn, og vart evaluerte. Innstilling vart handsama i kontrollutvalet som gjorde følgjande vedtak:

På bakgrunn av evalueringa tildeler kontrollutvalet kontrakt til Sands advokatfirma.

I møtet 13. juni vart også følgjande sak handsama:

38/22 Utllysing av oppdrag – mogleg bistand til involverte partar i gransking i samband med intervju

Kontrollutvalet lyste med dette ut ein forenkla konkurranse om mogleg juridisk bistand til involverte partar i samband med intervju i granskinga som vedteke i kommunestyresak 035/22. Dette for å ytterlegare kvalitessikra personvern i granskingsprosessen.

Det inngått kontrakt med CMS Kluge advokatfirma for å bistå involverte partar som ynskte bistand knytt til intervju i granskingsprosessen. Kontrollutvalet vart informert om at avtale med leverandør var inngått i sak 46/22 (26.9.22).

Etter planen skulle granskingsrapporten vera ferdigstilt innan 1.11.2022, med framlegging til kontrollutvalet 21.11. og til kommunestyret 15.12.2022. I brev til kontrollutvalet, datert 3. oktober 2022 ba granskingsutvalet/Sands advokatfirma om å få utvida ramma med 100 timar, og ein månad utvida tidsfrist for oppdraget. Kontrollutvalet sette opp ekstraordinært møte for å handsama saka:

57/22 Utvida tidsfrist og ramme – gransking

Kontrollutvalet innvilga inntil 50 timar ekstra tidsramme til granskingsarbeidet, og godkjente at fristen for levering av endeleg rapport kunne utsetjast til 1.12.2022.

Dei tok også høgde for at kontrollutvalsleiar fekk fullmakt til å auke timeramma dersom dei 50 ekstra timane ikkje var nok til å skire kvaliteten på rapporten.

Kontrollutvalet handsama i same møtet (17.11.2022) også sak:

58/22 Avklaring rundt prosess og tidspunkt – framlegging av rapport gransking

Kontrollutvalet fann her ny dato for framlegging av rapport, og klargjorde til granskingsutvalet at dei ynskte at partar som var direkte berørte av granskinga vart varsla munnleg om hovudkonklusjonen kort tid før granskingsrapporten vert offentleggjort i samband med utsending av sakspapira. Granskingsutvalet hadde stilt spørsmål om dette.

Med vedtaket i sak 57/22 var ramma auka til 350 timar. I e-post til leiar 30.11.2022 ba granskingsutvalet om å auka ramma med ytterlegare 35 timar. Leiar innvilga dette. Kontrollutvalet vart opplyst om endeleg timeramme (385 timar) i sak 82/22 (meldingar) i møtet 12.12.2022.

83/22 Rapport: gransking av sakshandsaminga i to personalsaker ved Knarvik ungdomsskule i Lindås kommune i 2019

Endeleg rapport (delt i ein faktarapport og ein juridisk rapport) frå granskingsutvalet vart handsama i ekstra kontrollutvalsmøte 12.12.2022. Saka vart sendt over til kommunestyret, der den er planlagt handsama 23.02.2022. Kontrollutvalet sitt vedtak i saka var:

- 1. Kontrollutvalet har fått framlagt rapport om lærarsakene, der det kjem fram at det har vore til dels alvorleg svikt i rutinar og etterleving av desse. Kontrollutvalet ber kommunestyret følge opp funna i rapporten og iverksette tiltak slik at liknande saker ikkje førekjem i framtida.*
- 2. Det må sikrast at det føreligg rutinar og at desse er kjend og vert etterlevd av alle involverte partar. Kontrollutvalet ber om at kommunestyret gjev tilbakemelding til kontrollutvalet om korleis rapporten har vorte følgd opp innan juni 2023.*

8.5 Orienteringar og andre saker

8.5.1 Orienteringar frå kommunedirektøren/administrasjonen

I samband med arbeidet til kontrollutvalet vel ein ofte å be administrasjonen om orienteringar. Desse kan vera knytte til dei faste oppgåvene jamfør lov og forskrift, men også andre tema og saker etter ynskje frå kontrollutvalet. Dette kan gje kontrollutvalet eit grunnlag for å vurdere om eit saksfelt er tilstrekkeleg belyst, eller om det er behov for ytterlegare oppfølging og undersøking.

I 2022 handsama kontrollutvalet følgjande orienteringssaker frå administrasjonen ut over dei som var knytte til forvaltningsrevisjon og rekneskapsrevisjon:

- Orientering om tilsynsrapport frå Stasforvaltaren: Alternativ opplæringsarena Meland Ungdomsskule (14/22). Kommunalsjef, oppvekst, Kristin Moe orienterte.
- 39/22 Orientering om sjukefråver, statistikk og tiltak. Kontrollutvalet bestilte denne etter å ha sett informasjon om temaet i kommunen si årsmelding. Rådgjevar HMS fagansvarleg Linn Kolstad orienterte i saka.

8.5.2 Andre saker frå sekretariatet

- 06/22 Årsmelding for Alver kontrollutval 2021
- 07/22 Årsmelding for kontrollutvalssekretariatet i Region Nordhordland (RNI) 2021
- 09/22 Møteplan med overordna årsplan for 2022
- 27/22 Rekneskap kontrollutvalsarbeidet 2021
- 75/22 Revisjonstenester frå 2024 – oppstart innkjøpsprosess
- 77/22 Møteplan med overordna årsplan kontrollutvalet 2023

Faste saker i kvart møte har vore:

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av møteprotokoll
- Meldingssaker
- Møteprotokollar frå politiske utval
- Eventuelt

8.5.3 Henvendingar

Kontrollutvalet mottek også av og til henvendingar frå privatpersonar, organisasjonar, politikarar og andre. Henvendingar sendt til kontrollutvalet vert fortløpande vurdert og lagt fram for kontrollutvalet som vurderer eventuell handsaming.

Sjølv om kontrollutvalet normalt sett ikkje handsamar enkeltsaker, er henvendingar, og handteringa av dei, viktig for kontrollutvalet si tillit i befolkninga.

I sak 47/22 drøfta kontrollutvalet den nye [rettelearen for henvendingar frå FKT](#) og gjorde vedtak om å nytte denne i arbeidet, og vedtok også ei lokal rutine for sakshandsaming av henvendingar.

Vedtaket i saka var:

1. *Kontrollutvalet ynskjer å nytta «Veileder, Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget» utforma av Forum for Kontroll og Tilsyn (fkt.no) i arbeidet vidare.*
2. *Kontrollutvalet vedtek den framgangsmåten for sakshandsaming av henvendingar som sekretariatet har føreslege i saksframlegget. Denne følg forslaget til framgangsmåte frå FKT sin rettleiar.*
3. *Kontrollutvalet tek med seg vesentlege poeng frå diskusjonen i møtet i arbeidet sitt vidare. Sekretariatet, i samråd med leiar, føreslår korleis evalueringsarbeidet vert følgd opp vidare i samband med møte.*

Lokal rutine for sakshandsaming av henvendingar er:

- *Sekretariatet gjer ei vurdering av innhaldet i henvendinga. Spørsmåla i «trafikklysmodellen» frå FKT sin «Veilder – Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget, 2022» kan vere eit eigna hjelpemiddel.*
- *Dersom henvendinga openbart er utanfor kontrollutvalet sitt mandat, svarer sekretariatet avsendar og legg henvendinga og svaret fram for kontrollutvalet til orientering. For å ivareta*

personvern vil sekretariatet frå sak til sak vurdere om heile henvendinga og heile svaret vert lagt ved sakspapir, eller om saka vert kortfatta oppsummert og presentert gjennom ein anonymisert tekst. Inntil sekretariatet får på plass eit betre system for å leggje fram dokument unnateke offentlighet for utvalet vurderer sekretariatet at den siste løysinga ofte er best. Den sikrar openheit også for ålmenta gjennom opne sakspapir.

- *Henvendingar som ikkje openbart er utanfor kontrollutvalet sitt mandat, drøftar sekretariatet med kontrollutvalet sin leiar som avgjer om henvendinga skal setjast opp som sak på saklista.*
- *For henvendingar som skal på saklista, gjer sekretariatet ei vurdering av innhaldet i henvendinga og kjem med eit forslag til kontrollutvalet om korleis den kan handterast, i tråd med vanleg saksførebuing.*

I 2022 er det kome sju henvendingar. Dei henvendingane som er komne i løpet av 2022 er alle drøfta med leiar om dei skal takast opp som sak, eller leggjast fram for kontrollutvalet som meldingssak til orientering. Alle sakene har blitt handsama som meldingssaker.

Ei var eit brev frå Håvard Romarheim til kontrollutvalet om sekretariatet si sakshandsaming knytt til handsaminga av «lærarsakene» (sak 14/22).

Det har kome seks henvendingar knytt til barnevern. To av desse var oppfølging av same sak. Fem kom i perioden august – oktober, i same tidsrom som innbyggjarframlegg om forvaltningsrevisjon av barnevernet kom til kommunestyret. Innsendarane vart svara og viste til rette klageinstans som er Statsforvaltaren. Kontrollutvalet vart informert om alle henvendingane, dei fleste i meldingssak 61/22.

Henvendingane om barnevern vart oversendt til revisor, som har sett over dei i samband med førebuinga av prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet med tema barnevern. Ingen enkeltsaker vert granska i forvaltningsrevisjonen. Det vert sett på system, men gjort stikkprøvar av mange barnevernssaker for å sjå om systema vert etterlevd.

9 Opplæring, kurs og utviklingsarbeid

I årsskiftet 2021/2022 vart det gjennomført ei eignevaluering i form av ei digital spørjeundersøking for medlemmene i alle kontrollutvala som RNI har sekretariatoppgåva for. Målet med undersøkinga var å jobba med forbetring og utviklingsarbeid i både utvalet og sekretariatet i 2022.

Kontrollutvalet har følgd opp dette evaluering- og utviklingsarbeidet i følgande saker i 2022:

- 08/22 Orientering om resultat av kontrollutvalet si eigenvurdering undervegs i perioden 2019 – 2023.
- 18/22 Oppfølging av kontrollutvalet si eigenvurdering undervegs i perioden 2019 – 2023: tema rolle og samspel med kommunestyret
- 47/22 Handtering av innkomne saker (henvendingar) – rettleiar og drøfting
- 66/22/76/22 Oppfølging evalueringsarbeid: Saker i høve mandat og opplæring

Kontrollutvalssekretariatet inviterte til ei fagsamling for kontrollutvalsleiarane i regionen 18.1.2022. På grunn av koronarestriksjonar vart denne ei digital samling. Tema var kontrollutvalet sin uttale til årsmelding og årsrekneskapen og drøfting av tema basert på den nyleg gjennomførte internevalueringa. Frå Alver deltok leiar.

Det har ikkje vore organisert andre opplærings- og kurstilbod i eigenregi frå kontrollutvals-sekretariatet i 2022, men gitt informasjon om moglegheiter til å delta på kurs i regi av Vestland fylkeskommune, NKRF og Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT).

Seks medlemmer frå kontrollutvalet deltok på folkevaldskonferanse retta mot kontrollutvalsmedlemmer i regi av Vestland fylkeskommune 15.-16. februar 2022 på Solstrand.

Tre medlemmer deltok på FKT sin Fagkonferanse 8.-9. juni på Lily Country Club (Kløfta).

I tillegg deltok leiar på FKT sin kontrollutvalgslederskole på Quality Airport Hotel Gardermoen, 24.-25. oktober.

FKT er ein medlemsorganisasjon for både kontrollutval og sekretariat med kompetanseheving som føremål. Alver kontrollutval er medlem i FKT.

10 Avsluttande kommentar

Årsmeldinga er ei oppsummering av verksemda i kontrollutvalet i 2022 sett i lys av lovpålagde oppgåver, planar som er lagt og kommunestyret sine bestillingar. Kontrollutvalet sine saker ligg offentleg tilgjengeleg i møteplanen på kommunen sine heimesider:

https://innsyn.sing.no/alver/innsyn_mote/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&

Kontrollutvalet sitt arbeid skal bidra til å styrka tilliten til lokaldemokratiet og medverka til å realisera dei overordna måla i kommunen.

Det er viktig at det er god dialog, forståing og ansvars- og oppgåvedeling mellom utvalet, sekretariatet og revisjonen.

Det er også viktig med ein god dialog og eit godt samspel med kommunedirektøren for å sikre god prioritering og planlegging av kontrolloppgåvene.

Kontrollutvalet vil takke for alle orienteringar og god kommunikasjon med administrasjonen, kommunestyret, revisjonen og sekretariatet i året som er gått.